



Årsrapport og rekneskap 2007


KLEPP KOMMUNE



Klepp - verd å ta vare på



Politisk organisering 2007 – 2011



| | | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Arbeiderpartiet (4) Sigmund Rolfsen Edith Grude Einar Erga Karl E Grude</p> <p>Kristelig Folkeparti (5) Torbjørn Hovland Gislaug Søyland Sele Kåre Skartland Leif Harbo Elisabeth Hauge</p> <p>Venstre (2) Anne Jorunn D. Friestad Tron Ree</p> | <p>Fremskrittspartiet (7) Rita Charlotte Thu Arne Madland – <i>leiar hovudutval for lokal utvikling / plan- og byggjenemnda</i> Jan Egil Øksnevad Brigt Rosland Torunn Austdal Rasmussen – <i>leiar hovudutval for helse og omsorg</i> Jan Egil Refsnes Siri Øksnevad Olsen</p> <p>Senterpartiet (4) Hilde Kraggerud Andreas Wiig Asbjørn Aanestad Solbjørg Tveit Wiig</p> | <p>Høyre (8) Elfin Lea – ordførar Ane Mari Braut Nese Solfrid Guddal Søyland – <i>leiar hovudutval for skule og barnehage</i> Reidar Øksnevad Marta Aartun Helge Braut Jan Egil Friestad Eli Sola Erga</p> <p>Sosialistisk Venstreparti (1) Hanne-Lill Steen – <i>leiar kontrollutvalet</i></p> |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Med skrift i kursiv = formannskapsmedlemmer

Kommunestyret i Klepp

HØYRE



Eifin Lea
(1945) Kleppe
Ordfører



Ane Mari Braut Nese
(1979) Kleppe
Student



Sofriid Guddal Soyland
(1943) Verdalen
Pensjonist



Reidar Øksnevad
(1967) Orstad
Fagforeningsleiar



Marta Aartun
(1958) Orstad
Økonomisjef



Heige Braut
(1950) Tu
Tannlege



Jan Egil Friestad
(1956) Kleppe
Elektroingeniør



Eli Sola Erga
(1966) Kleppe
SFO-leiar

SP



Hilde Kragerud
(1960) Kleppe
Forskar



Andreas Wiig
(1960) Orre
Bonde



Asbjørn Aanestad
(1957) Bore
Inseminer



Solbjørg Tveit Wiig
(1967) Orre
Gardbrukar



Sigmund Rolfsen
(1954) Kleppe
Prosjektkoordinator



Edith Grude
(1945) Klepp Stasjon
Pensjonist



Einar Erga
(1960) Tu
Monter



Karl E. Grude
(1942) Klepp Stasjon
Pensjonist

KRF



Torbjørn Hovland
(1965) Klepp Stasjon
Lærer/student



Gisleaug Soyland Sele
(1972) Sele
Heimeverande/bonde



Kåre Skartland
(1954) Kleppe
Leiar medlemscenter



Leif Harbo
(1982) Kleppe
Næringsdrivande



Elisabeth Hauge
(1968) Verdalen
Butikkmedarbeidar



Anne Jorunn D.
Friestad (1957)
Kleppe
Leiar ungdoms-
kultursenter



Tron Ree
(1963) Kleppe
Sivilingeniør



Hanne-Lill Steen
(1963) Kleppe
Rekneskapskonsulent

FRP



Rita Charlotte Thu
(1972) Verdalen
Sal/marknad



Arne Madland
(1948) Kleppe
Næringsdrivande



Jan Egil Øksnevad
(1965) Kleppe
Seljar/bonde



Brigt Rosland
(1947) Kleppe
Gartner



Torunn Austrdal Rasmussen
(1949) Kleppe
Legesekretær



Jan Egil Refsnes
(1950) Tu
Seljar



Siri Øksnevad Olsen
(1966) Kleppe
Dagleg leiar

Innhold

Årsrapport 2007

| | |
|------------------------------------------|--------|
| ◆ Rådmannen si innleiing | side 1 |
| ◆ ØKONOMISK ANALYSE | " |
| - Innleiing | " 3 |
| - Driftsrekneskapen | " 4 |
| - Investeringsrekneskapen | " 7 |
| - Balanserekneskapen | " 8 |
| - Finansområdet | " 9 |
| ◆ Folketal, næringsliv og arbeidsmarknad | " 13 |
| ◆ Personal | " 17 |
| ◆ Prosjektkatalog | " 20 |
| ◆ Omkjøringsvegen | " 25 |
| ◆ ETATSDEL | " |
| - Sentraladministrasjonen | " 29 |
| - Skule og barnehage | " 35 |
| - Helse og sosial | " 48 |
| - Lokal utvikling | " 62 |
| - Kyrkja | " 72 |
| ◆ REVISJONSBERETNING | " 76 |

Rekneskap 2007

| | |
|----------------------------------------------|------|
| ▪ Økonomisk oversikt drift | " 1 |
| ▪ Regnskapsskjema 1 A Drift | " 2 |
| ▪ Regnskapsskjema 1 B Drift | " 3 |
| ▪ Økonomisk oversikt investering | " 4 |
| ▪ Rekneskapsskjema 2 A – Investering | " 5 |
| ▪ Rekneskapsskjema 2 B - Investering | " 6 |
| ▪ Anskaffelse og anvendelse av midler | " 9 |
| ▪ Oversikt balanse og endring arbeidskapital | " 10 |

NOTER:

| | |
|------------------------------------------------------------|------|
| ▪ Rekneskapsprinsipp | " 12 |
| ▪ Kapitalkonto | " 13 |
| ▪ Garantiansvar | " 14 |
| ▪ Aksjer og andeler | " 15 |
| ▪ Likviditetsreserven | " 16 |
| ▪ Lønn administrasjonssjef og ordfører og revisjonshonorar | " 17 |
| ▪ Fond | " 18 |
| ▪ Udekket og utdisponert i investeringsrekneskapet | " 20 |
| ▪ Sjølvkostgrunnlag VAR (vatn, avløp, renovasjon) 2006 | " 21 |
| ▪ Pensjonsnoter KLP og STP | " 22 |
| ▪ Årsverk i Klepp kommune | " 24 |
| ▪ Oversikt over anleggsmidler | " 25 |



Rådmannen si innleiing

HOVUDPUNKT:

- **Folketalsauke på 3,7 %**
- **568 nye Klepps-buarar i 2007**
- **Tatt i bruk 236 nye bustader**
- **Balanse i drifta**
- **Økonomiske måltal oppnådd, men nedtur i høve til 2005-2006.**
- **Nytt kommune-styre på plass**
- **Opning av omkjørings-vegen**

Ei årsmelding er ei oppsummering og vurdering av året som gikk.

Det viktig å peika på det store arbeidet som blir lagt av dei tilsette i Klepp kvar time, kvar dag gjennom heile året, innan omsorg, barnehage skule og dei andre tenestene som kommunen syter for.



Rådmann Ivar Undheim

Sjukefråværet gjekk litt opp i 2007 til 6,5% som i er ein auke på 0,4 frå 2006. Sjukefråværet vårt er lågt i kommunal samanheng, sjølv om me ligg over målet som er å vera under 6%. Me har særlege utfordringar om å få til ei forbetring innan barnehagane, mens me har fått svært gledeleg tal frå heimetenesta.

Økonomisk, blei 2007 ikkje så mykje meir enn det bør vera. Formelt er resultatet null. Det ville det vore sjølv om det hadde vore eit par millionar både betre og verre. Me var litt vel optimistiske og auka det vi skulle dekkja av drifta til investeringar med 7,7 mill kr i samband med 2. tertial 2007. Me fekk meir skatt inn i Klepp enn me hadde rekna med, men summen av kommunane i Norge fekk mindre, og då må me dela halvparten med dei andre.

Alle etatane kom i 2007 i mål nokså nært null, skule og barnehageetaten og sentraladministrasjonen med litt minus, dei to andre med litt pluss.



Den store hendinga i 2007 var opning av RV 44, med tunnel gjennom Kleppevarden. Den vegen har me alle bidrege til gjennom bompengane, men Klepp kommune bidrog med 7 mill kr for å få

tunnelen. I prinsippet skulle det vera halvparten av ekstrakostnadene med tunnel i forhold til veg i dagen, med den stinginga det har vore i entreprisekostnader i den siste tida, var det nok eit godt kjøp.

**HOVUDPUNKT:**

- **Fleire nye barnehageplasser opna, men framleis ikkje full dekning**
- **Ny sjukeheim; Kleppetunet II, på teiknebrettet**
- **Arbeidet med kyrkje på Frøyland/Orstad godt i gang**
- **Nytt tribuneanlegg på Klepp stadion teke i bruk**

Det blei tatt i bruk 236 bustader i 2007 som er ei auke på 70 bustader sidan 2006, og godt over kommunen sitt måltal i kommuneplanen på om lag 140 bustader pr år.

Klepp kommune hadde 15 839 innbyggjarar ved utgangen av 2007. Kommunen vaks med 3,7% (568 innb) i 2007, me må heilt tilbake til 1970 for å finna ein større vekst i prosent, då med 4,1%. I 1969 var veksten på heile 6,6%, 509 nye innbyggjarar, så veksten i 2007 er det høgaste Klepp nokon gong har hatt i talet på nye innbyggjarar. Veksten i 2007 er langt over det som er ønskjeleg, og slik vekst vil over tid gje kommunen store utfordringar på å kunne gje kommunalt tilbod, særleg innan skule og barnehage.

Full barnehagedekning er framleis ei utfordring for Klepp. I 2007 blei Sørhellet barnehage opna, og mellombels barnehage i Klepp hallen, mens ein byggjer ny (utvida) Storhaug barnehage, og mellombels plassar i Horpestad Grendahus mens ein venta på at tilbygget til Horpestad skule- og barnehage skal bli ferdig.

Kommunen har inngått kontrakt med danske arkitektur til å teikna ny sjukeheim (Kleppetunet II) med i utgangspunktet 48 plassar, samt ein del andre tilbod.

Arbeidet med bygging av kyrkje på Orstad for sokna Frøyland/ Orstad pågjekk i 2007, med mål om å kunna ta kyrkja i bruk i desember 2008.



Nytt tribuneanlegg på Klepp stadion blei offisielt opna i oktober 2007.

Siste biten av kommuneplanen for 2006-2017, kom på plass rett inn i 2008, der miljøvernministeren av slo bustadfeltet på Pollestad.

Det har i 2007 vore stor fokus på Klepp og Time som pilotkommunar for universell utforming, prosjektet "Ihob" for å få betra tilbodet til barn med særlege utfordringar.

Takk til alle tilsette, folkevalde, lag og organisasjonar for stor innsats i 2007.

Kleppe, 28. februar 2008
Ivar Undheim
rådmann




Økonomisk analyse

Innleiing

HOVUDPUNKT:

- **Samla sett økonomisk nedtur ... , men**
- **.. god skatteinn- gang i Klepp kommune, som m.a. bidro til ..**
- **..auka over- føringar frå drift til invester- ingar**
= redusert låneopptak
- **God økonomisk kontroll**



Netto driftsresultat kan brukast som eit barometer på den økonomiske utviklinga. I grafen ser vi netto driftsresultat i % av driftsinntektene i perioden 2003-2007. Kombinert med den "diagnosen" som blei stilt i årsrapportene i desse åra får vi eit interessant bilete på opp- og nedturar. I 2007 er vi nede på jorda igjen – etter to-tre år med sterk økonomisk vekst.

I ettertid kan ein sei at perioden 2005-2006 var ein slags økonomisk unntakstilstand, kor styresmaktene meir eller mindre slapp laus skatteinngangen i kommunane. Bevisst eller ubevisst ?

Det kommunale skattøret blei som kjent stramma kraftig inn i 2007, og ytterlegare i 2008. Kan vi snakke om ein kontrollert rød-grønn naudlanding i 2007? I alle fall har nemnde regjering sote hardt ved spakene under innflyginga.

Rammetilpassinga i 2007 har vore forbilledlig. Etatane skal krediter-ast for god og stram økonomistyring. Kommunestyret har stilt gitte (netto)rammer til disposisjon for hovudstyra/etatane. Innanfor dette er nok ikkje alle handlingsmål oppnådd, men rammene er utnytta til fulle. Eit budsjettavvik (mindreforbruk før fondsavsetjing) på ca. 4‰, eller 1,8 mill., er til å leve med.



Driftsrekneskapen

| Driftsrekneskapen mill.kr. løpende priser | Rekneskap 2004 | Rekneskap 2005 | Rekneskap 2006 | Rekneskap 2007 | Endring 2006-2007 | |
|-----------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------|
| | | | | | mill.kr. | % |
| (+) Driftsinntekter | -507,6 | -561,7 | -615,0 | -671,1 | 56,1 | -9 % |
| (-) Driftsutgifter (inkl.kalk. avskrivn.) | 511,4 | 548,1 | 590,2 | 673,5 | -83,3 | -14 % |
| (=) Brutto driftsresultat | 3,8 | -13,6 | -24,8 | 2,4 | -27,2 | 110 % |
| (+) Finansinntekter | -22,4 | -25,0 | -28,8 | -36,2 | 7,4 | -26 % |
| (-) Finansutgifter | 26,1 | 27,1 | 33,8 | 39,7 | -5,9 | -17 % |
| (+) Kalk. avskrivningar | -24,1 | -23,9 | -26,0 | -28,8 | 2,8 | -11 % |
| (=) Netto driftsresultat | -16,6 | -35,4 | -45,8 | -22,9 | -22,9 | 50 % |
| Brukt slik: | | | | | | |
| (+) Bruk av avsetninger/tidl.års overskot | -11,4 | -11,6 | -18,8 | -33,2 | 14,4 | -77 % |
| (-) Finansiering av utgifter i invest.regnsk. | 6,6 | 13,5 | 10,6 | 27,5 | -16,9 | -159 % |
| (-) Avsetning til fond/likv.reserven | 17,2 | 25,0 | 34,5 | 28,6 | 5,9 | 17 % |
| Ikkje disponert overskot (-) | -4,2 | -8,5 | -19,5 | 0,0 | -19,5 | 100 % |

HOVUDPUNKT:

- **Balanse i drifta**
- **God skatteinngang i Klepp : + 6 % sett i høve til 2006**
- **Låg skatteinngang på landsbasis + 0,6 %**
- **Denne kombinasjonen ga oss større trekk i inntektsutjamninga enn forventa**
- **Netto driftsresultat i % av driftsinntektene:**
Resultat: 3,4 %
Mål: Min. 3 %

| Netto driftsresultat 2007 i % av driftsinntektene | |
|------------------------------------------------------|-----|
| Klepp | 3,4 |
| Time | 1,1 |
| Hå | 6,2 |
| Gruppe 7 | 1,4 |
| Landet | 1,9 |

Etter to-tre år med bratt stigende økonomisk vekstkurve er vi brått ”nede på jorda igjen”. Vi går akkurat i balanse i 2007. I analysen nedanfor ser vi at det er meirforbruk på fellesinntektene/-utgiftene på 1,3 mill. Dette vert oppvega av tilsvarande mindreforbruk i etatane.

| Fellesinntekter | mill.kr |
|------------------------------------|---------|
| Skatt | 3,0 |
| Rammetilskot | -4,4 |
| Sum frie inntekter | -1,4 |
| Øvrige fellesinntekter | 1,7 |
| Avvik fellesinntekter | 0,3 |
| Avvik fellesutgifter | -1,6 |
| Avvik etatane - før fondsavsetning | 1,8 |
| Fondsavsetning | -0,5 |
| TOTALT NETTO AVVIK = overskot | 0 |

etatane.

Ein av etatane, skule og barnehage, kjem ut i minus, sjølv etter å ha tømt sitt disposisjonsfond. Det er likevel grunn til å berømme alle etatane for god styring og kontroll med forbruket og sikring av inntekter.

Avviksoversikten viser auke i skatten utover budsjettert på 3 mill. Total skatteauke i 2007 for Klepp kommune blei på 6 % sett i høve til 2006. Samstundes vart skatteauken på landsbasis berre på 1,6 % (budsjettert 2,3 %). Pr. innbyggjar ga dette Klepp kommune ein skatteinngang på 100 % av landsgjennomsnittet. Dette blei Klepp ”straffa” for i skatteutjamninga med eit langt større trekk enn budsjettert. Skattenivået pr. innbyggjar i Klepp dei siste åra har loge rundt 95 -97 % av landsgjennomsnittet.

Eit positivt trekk i eit skrantande økonomisk bilete er at overføringane frå drift til finansiering av investeringar blei gjennomført som budsjettert (inkludert ein auke på 7,7 mill. ved 1.tertial-07). Totalt blei det overført 27.5 mill.*) – sjå hovudtabell øverst

*) Av dette er 0,8 mill. ikkje budsjettert, og gjeld tomteutbyggingsavtalane.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat gir ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. Driftsresultatet for 2007 er knapt 23 mill. ,eller 3,4 % av driftsinntektene. Med dette når vi vår eiga målsetting - og departementet si anbefaling på 3 %.



HOVUDPUNKT:

Netto driftsresultat i kroner:
22,9 mill. kr

Spesifisert netto driftsresultat i mill. kr. 2004-2007:

| Beløp i mill.kr | 2004 | | 2005 | | 2006 | | 2007 | |
|--------------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Avsetting til fond | 17,2 | | 25,0 | | 34,5 | | 28,6 | |
| Overf. til investeringer | 6,6 | | 13,5 | | 10,6 | | 27,4 | |
| Årets overskot | 4,2 | 28,0 | 8,5 | 47,0 | 19,5 | 64,6 | 0,0 | 56,0 |
| Bruk av fond | 11,4 | | 7,4 | | 10,3 | | 13,6 | |
| Bruk tidl. års overskot | 0,0 | 11,4 | 4,2 | 11,6 | 8,5 | 18,8 | 19,5 | 33,1 |
| NTO. DRIFTSRESULTAT i mill.kr | | 16,5 | | 35,4 | | 45,8 | | 22,9 |
| NTO. DRIFTSRESULTAT i % | | 3,3 | | 6,3 | | 7,5 | | 3,4 |

Spesifikasjonen viser at det er storleiken på overføringar frå drift til investeringar som bidreg til eit relativt brukbart driftsresultatet i 2007.

Inntekter/utgifter og avvik i etatane

| Beløp i mill. kr | BUDSJETT | | | REKNESKAP | | | AVVIK | | |
|--------------------|--------------|---------------|--------------|--------------|---------------|--------------|--------------|-------------|------------|
| | Brutto utg. | Inntekter | Netto utg. | Brutto utg. | Inntekter | Netto utg. | Brutto utg. | Inntekter | Netto utg. |
| Sentraladm. | 26,9 | -3,6 | 23,3 | 27,5 | -4,2 | 23,3 | -0,6 | 0,6 | 0,0 |
| Skule og barnehage | 269,1 | -96,4 | 172,7 | 285,1 | -112,2 | 172,9 | -16,0 | 15,8 | -0,2 |
| Helse og sosial | 209,7 | -46,3 | 163,4 | 222,8 | -60,1 | 162,7 | -13,1 | 13,8 | 0,7 |
| Lokal utvikling | 84,2 | -29,2 | 55,0 | 104,3 | -50,1 | 54,2 | -20,1 | 20,9 | 0,8 |
| Kirka | 5,5 | 0,0 | 5,5 | 5,5 | 0,0 | 5,5 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| TOTAL | 595,4 | -175,5 | 419,9 | 645,2 | -226,6 | 418,6 | -49,8 | 51,1 | 1,3 |

Etatane:

God kontroll med utgiftsveksten og oppfølging på inntektssida

Til saldering har etatane nytta om lag 1,7 mill. av sine egne disposisjonsfond. Av dette gjeld 1,3 mill. skule og barnehage, som med dette har tømt sitt disposisjonsfond.

Det er avsett tils. ca. 0,5 mill. til fonda hjå helse og sosial og lokal utvikling. I h.t. delegasjonsreglementet skulle desse to etatane ha avsett resten av sine overskot på tils. ca. 1,5 mill., men dette går med til å dekkje underskot på fellesutgifter/-inntekter, samt skule og barnehage. Rådmannen vil koma med forslag til korleis dette kan kompensert dei to etatane.

I økonomireglementet: *Delegering i budsjettsaker, rapportering og rekneskap*, har Klepp kommunestyre vedtatt at tildeling av rammer til etatane er på nettonivå. Dette betyr m.a. at hovudutvala kan nytte meirinntekter innanfor eige ansvarsområde, og vidare kan rådmannen innanfor dei einskilde ramme-områda, nytta meirinntekter når desse er ikkje-prinsipielle. Vidare heiter det at fullmaktene som er gitt av kommunestyret "berre kan nyttast i den grad dei ikkje er i strid med mål, prioriteringar og premissar som er lagt til grunn for budsjetttrammene i kommunestyret sitt budsjettvedtak".

Innanfor desse fullmaktsrammene er ca. 50 mill. i meirinntekter/-utgifter disponert. Dette fordeler seg slik:

| MEIRINNTEKTER | mill.kr |
|------------------------------|-------------|
| Salgs-/leieinntekter | 3,3 |
| Fordelte fellesinntekter(LU) | 15,2 |
| Refusjoner/tilskot | 20,2 |
| herav: Ref.sjukeløn | 7,3 |
| Ref. komm./staten | 5,6 |
| Interne overføringer | 4,2 |
| Bruk av fond | 8,1 |
| herav: Flyktn.fondet | 3,4 |
| Øvrige inntekter | 0,1 |
| SUM | 51,1 |

| MEIRUTGIFTER | mill.kr |
|----------------------------|-------------|
| Lønnsutgifter | 8,5 |
| herav :Fastløn | -4,6 |
| Vikarløn | 7,4 |
| Anna løn | 5,7 |
| Arbeidsgjevaravgift | 2,0 |
| Inventar og utstyr | 14,2 |
| herav: Fordelte fellesutg. | 8,2 |
| Vedlikehald/matriell | 4,3 |
| Interne overføringer | 4,0 |
| Overføringer til | 11,5 |
| herav: Momskomp. | 5,1 |
| Avsetting fond | 5,6 |
| Øvrige utgifter | -0,3 |
| SUM | 49,8 |



HOVUDPUNKT:

- Fondsbeholdning i etatane redusert frå 9,4 til 5,0 mill. kr.

- * Årets premieavvik bidreg til å styrke årsresultatet med 1,8 mill.

- Akkumulert premieavvik (som vert ført som fordring på oss sjølv) auke med 1 mill. – til 11,3 mill.

Fondsstatus i etatane:

| Beløp i 1000 kroner | Saldo disp.fond pr. 31.12.2006 | Maksimalt disp.fond pr. 31.12.2007 | Saldo disp.fond pr. 31.12.2007 |
|---------------------|--------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|
| ETATENE | | | |
| SENTRALADM. | 803 | 804 | 743 |
| SKULE OG BARNEHAGE | 2 540 | 7 738 | 0 |
| HELSE OG SOSIAL | 3 954 | 6 196 | 3 834 |
| LU | 2 132 | 2 271 | 465 |
| SUM | 9 429 | 17 009 | 5 042 |

Pensjonskostnader, pensjonspremie og premieavvik


Premieavviket er differansen mellom årets pensjonskostnad og det som vert betalt i premie til forsikringsselskapa. Når premien overstig kostnaden vert avviket ført som inntekt i rekneskapen. Avviket har svinga relativt mykje frå år til år. I tabellen nedanfor ser vi at KLP har eit positivt avvik i 2007 – som i 2006. STP viser negativt avvik i 2007, etter fleire år med positivt. Dette er likevel ikkje nok til å ”unngå” at vi for andre år på rad får ein kunstig forbetring av års-resultatet. (+1,8 mill.) Årets avdrag er ca. 0,8 mill. Dette betyr at akkumulert positivt premieavvik, dvs. vår gjeld til oss sjølv, auke med ca. 1 mill. i 2007 - til ca. 11,3 mill.

Årlege avdrag utgjer 1/15 av tidlegare års akkumulert premieavvik.

| Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift) | 2005 | 2006 | 2007 | Akkum. premieavvik 31.12.-07 |
|----------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------------------|
| Beløp i 1000 kr. | Årets prem.avvik | Årets prem.avvik | Årets prem.avvik | |
| KLP | -4 184 | 2 295 | 3 356 | 9 507 |
| Statens pensj.kasse | 1 296 | 391 | -1 542 | 1 768 |
| SUM premieavvik | -2 888 | 2 686 | 1 814 | 11 275 |
| Nedbetaling 2005 | -895 | | | |
| Nedbetaling 2006 | | -703 | | |
| Nedbetaling 2007 | | | -838 | |

Status START-/etableringslån

Tidleg på 90-talet oppstod ein negativ differanse mellom innlånte og vidareutlånte etableringslån på 7 mill. (Ekstraordinære tilbakebetalingar frå lånetakarane blei saldert inn i drifta – og ikkje tilbakeført Husbanken). I åra 2000-2004 blei dette avviket gradvis redusert til ca. 2,5 mill. Men ved en feil blei det tatt opp START-lån i 2001-2003 med 5-års avdragsfridom. Ein må difor rekna med at den negative differansen mellom innlån og utlån vil halde seg – også i 2008, om det ikkje vert gitt særskilde løyvingar til ekstraordinære avdrag. Rådmannen vil foreslå å bruke fondsmidlar (disposisjonsfond) til ekstraordinær nedbetaling.





Investeringsrekneskapen

HOVUDPUNKT:

✓ Investert for 110 mill. i 2007

✓ 16 mill. av dette gjeld tomte-områder

✓ Finansiering:

Drifts-
midler 13 %
Tilskot 20 %
Lån 31 %

✓ Netto
udisponert
+ 1,1 mill.

Kakediagram som viser korleis investeringane i 2007 er finansiert (fordeling i %), og investeringane fordelt på hovudformål i %:

| INV.REKNESKAPEN | Rekneskap 2005 | Rekneskap 2006 | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 | Avvik B-R 2007 |
|---------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Tal i heile 1000 kr | | | | | |
| Investeringer i anleggsmidler | 90 305 | 85 350 | 109 787 | 87 330 | -22 457 |
| Utlån/kjøp av andeler | 9 439 | 13 560 | 20 780 | 15 000 | -5 780 |
| Avdrag på lån | 4 769 | 8 205 | 10 616 | 5 000 | -5 616 |
| Avsetninger | 21 357 | 7 298 | 3 446 | 0 | -3 446 |
| Dekning tidl. års udekk | 1 529 | 2 577 | 7 103 | 0 | -7 103 |
| Årets finansieringsbehov | 127 399 | 116 990 | 151 732 | 107 330 | -44 402 |
| Finansiert slik | | | | | |
| Bruk av lånemidler | 62 890 | 29 716 | 57 518 | 55 820 | -1 698 |
| Inntekter fra sal av anl.midler | 26 815 | 3 523 | 4 303 | 8 000 | 3 697 |
| Tilskot til investeringer | 7 366 | 35 751 | 25 888 | 1 500 | -24 388 |
| Mottatt avdrag på utlån | 11 206 | 14 110 | 15 682 | 9 200 | -6 482 |
| Sum eksternt finansiering | 108 277 | 83 100 | 103 391 | 74 520 | -28 871 |
| Overført fra driftsrekneskapen | 13 515 | 10 595 | 27 480 | 26 680 | -800 |
| Bruk av til.års udisponert | 4 553 | 7 288 | 7 170 | 0 | -7 170 |
| Bruk av avsetninger | 1 054 | 18 190 | 14 762 | 6 130 | -8 632 |
| Sum finansiering | 127 399 | 119 173 | 152 803 | 107 330 | -45 473 |
| Udekk/udisponert | 0 | 2 183 | 1 071 | 0 | -1 071 |


Dei største enkeltprosjekta i 2007 er rehabilitering Horpestad skule og Sørhellet barnehage. På begge desse prosjekta er det investert for om lag 15 -16 mill. Diverse tomteutbyggingar viser også eit forbruk på ca. 16 mill.kr. Sistnemnde er utbyggingskostnader som blir registrert i kommunen sitt investeringsrekneskap, men som i sin heilskap blir refundert av entreprenørane. Desse prosjekta utgjør såleis eit nullspel for kommunen.

Ut over dette er dei største investeringsprosjekta i 2007 flyktningebustader 5,2 mill., kjøp av område O11 4,3 mill., Storhaug barnehage 3,9 mill., bukollektiv psykiatri 3,9 mill., utanlegg /kunstgrasbane Bore 6,4 mill., tunnel Kleppe-varden 7 mill., gang-/og sykkelveg Sørbo 4,6 mill. og andre gang-/ og sykkelveggar i samband med omkjøringsvegen 6,5 mill.


Me fikk overført 13,7 mill. i momskompensasjon av investeringar frå staten. Dette er ca. 1 mill. over budsjettet. Mesteparten av desse meirinntektene gjeld tomteutbyggingsområda, og var ikkje budsjettet. Midlane er tilbakeført til utbyggingane.

| UDEKKA/UDISPONERT 2007 | mill.kr. |
|--------------------------------------|-------------|
| Udekk (dekket i 2008): | |
| Horpestad skule | 4,7 |
| Sørhellet barnehage | 4,4 |
| Uteanl./kunstgress Bore | 3,4 |
| Div. g/s-veger omkj.vegen | 6,5 |
| Øvrige prosj. LU | 2,0 |
| | <u>21,0</u> |
| Udisponert (overf. til 2008): | |
| IT/breibånd | 0,4 |
| Brannsikr. og Boreskulane | 2,4 |
| Barneh.kjeller Eng.v. og Orre | 2,6 |
| Bukoll. psykiatri II | 4,0 |
| Øvrige prosj. helse/sos. | 2,3 |
| Trafikksikring | 1,9 |
| Øvrige prosj. LU | 0,6 |
| Etableringslån | 7,9 |
| Netto udisponert | 22,1 |
| | <u>-1,1</u> |

FINANSIERING AV INVESTERINGER 2007 FORDELT I %



INVESTERINGER 2007 - FORDELT PÅ FORMÅL I %



**Balanserekneskapen**

I balanserekneskapen framkjem verdiane på kommunen sine egedelar, gjeld og eigenkapital. Balansen gir også eit bilde av kor mykje kommunen har på kisteboten (omløps-midler). På bakgrunn av denne informasjonen kan det gjerast vurdering av m.a. kommunen sin likviditet.


| mill.kr | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------------------|-------|-------|-------|-------|
| OMLØPSMIDLER | | | | |
| Andre krav | 8,0 | 8,4 | 4,4 | 8,1 |
| Premieavvik | 12,1 | 8,3 | 10,3 | 11,3 |
| Bankobl./grunnf.bevis | 7,0 | 17,0 | 40,0 | 38,7 |
| Til gode momscomp. | | 5,1 | 4,5 | 5,9 |
| Kasse, bankinnskot | 111,5 | 154,2 | 164,8 | 136,7 |
| SUM OMLØPSMIDLER | 138,6 | 193,0 | 224,0 | 200,7 |
| KORTSIKTIG GJELD | -77,1 | -79,2 | -95,5 | -97,9 |
| ARBEIDSKAPITAL | 61,5 | 113,8 | 128,5 | 102,8 |

Arbeidskapitalen


Vårt måltal er arbeidskapitalen. Det er dei pengane kommunen har til disposisjon når den skal gjere sine utbetalningar på eit bestemt tidspunkt. Vårt mål er at arbeids-

kapitalen skal utgjere min.15 % av driftsinntektene.

Vi oppnår målet i 2007 - med 15,3 %. Vi er framleis på trygg grunn. Å ta opp kassakreditt for å dekkje kortsiktige forpliktelsar har så langt ikkje vore nødvendig.

**Lånegjeld**

Kommunestyret har vald å ikkje fastsette måltal for lånegjeld. Det vil likevel vera rett å gi eit bilete av utviklinga på dette området også. Lånegjelda fortel ein del om kommunen sin evne til eigenfinansiering av investeringar. Lånegjelda bind opp drifta til renter og avdrag. Netto låneauke i 2007 var moderat (+ 14 mill.). Dette ga ein nedgang i lånegjeld i % av driftsinntektene til 62 % i 2007 - eit nivå det er mange år sidan vi var nede på.

**Fondsbeholdning**

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|---------------------|-------------|------------|------------|------------|
| Disposisjonsfond: | 10 591 842 | 19 148 187 | 32 472 683 | 35 283 019 |
| Bundne driftsfond | 4 621 625 | 12 890 749 | 21 697 770 | 27 810 454 |
| Bundne kapitalfond | 1 024 693 | 1 040 946 | 1 387 544 | 1 275 108 |
| Ubundne kapitalfond | 4 176 280 | 25 180 002 | 12 268 073 | 7 077 284 |
| SUM | 820 414 440 | 58 259 884 | 67 826 070 | 71 445 865 |

HOVUDPUNKT:

✓ **Arbeidskapital i % av driftsinntektene:**

Mål: Min. 15 %

Resultat: 15,3%

| Arbeidskapital 2007 i % av driftsinntektene | |
|---------------------------------------------|------|
| Klepp | 15,3 |
| Time | 6,0 |
| Hå | 25,6 |
| Gruppe 7 | 24,8 |
| Landet | 26,3 |

✓ **Lånegjeld i % av driftsinntektene pr. 31.12.2007: 62 %**

✓ **Auke i fondsbeholdninga**

Auke i drifts-/disposisjonsfond indikerer auka handlefridom. I takt med styrka økonomi i 2004-2006 auka fondsbeholdninga relativt mykje desse åra. Også i 2007 registerer vi ein liten auke.

Av dei 27,8 mill. på bundne driftsfond gjeld 22,4 mill. VAR-sektoren (sjølvkostfond)



Finansområdet

Kommunen sin finansforvaltning er todelt:

- 1) Aktivasiden, plassering av kommunen sine midler
- 2) Passivasiden, innlån

Kommunestyret har vedtatt eige reglement for finansforvaltninga. Optimal utnytting av kommunen sine tilgjengelege ressursar er eit viktig grunnprinsipp i reglementet – i tillegg til å sikre tilfredsstillande avkastning uten at det innebærer vesentleg finansiell risiko.

I den overordna finansielle strategien er minimalisering av renterisikoen sentral. Dette søkes oppnådd ved å sjå balansen under eitt. Ved å ha sammenfallende varighet både på aktiva- og passivasida vert det oppnådd stor grad av rentesikring.



BALANSESTYRING – RENTESIKRING

Finansforvaltningsreglementet. Strategien i finansreglementet vårt er at vi skal oppnå rentesikring gjennom å sjå renteinntekter og renteutgifter (på lån) i samanheng. Dette oppnår vi ved å ha både rentebærande eigedeler og rentebærande gjeld knytt til flytande rente. I prinsippet er det kun netto skilnad som det vil vera renterisiko på.

Tabellen nedanfor viser at det har vore svært liten skilnad mellom eigedelar og gjeld siden 2003. I 2007 får vi auka ubalanse (minus) ved at gjelda auke samstundes som bank-/pengebeholdninga vert noko redusert.

| Pr. 31.12. - beløp i mill.kr. | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------------------------------|------|------|------|------|------|
| RENTEBÆR. EIGEDELAR | | | | | |
| BANKINNSKOT/OBL. (rentebær.papir) | 88 | 97 | 145 | 157 | 140 |
| ANSVARLIG LÅN LYSE/KLEPP E | 188 | 184 | 179 | 175 | 171 |
| | 276 | 281 | 324 | 332 | 311 |
| RENTEBÆR.GJELD | | | | | |
| LÅNEGJELD EKSKL.ETABL./STARTLÅN | 265 | 294 | 332 | 328 | 347 |
| NETTO GJELD | 11 | -13 | -8 | 4 | -36 |

Betingelsar. Kor stor del av våre rentebærande eigedeler og lånegjeld er knytt til h.h.v. flytande og fast rente ?

Tabellen til høgre viser at 95 % av våre eigedelar (294 mill.) er

| RENTE- BÆRANDE EIGEDELAR | Beløp i heile mill.kr. | | | SUM |
|--------------------------------|------------------------|-----|------------|-----|
| | Pt/flytande | | Fast rente | |
| Bankinnskot | 101 | | | |
| Bankobligasjoner | 22 | 123 | Bankobl. | 17 |
| Ansv.lån Lyse/Klepp E | | 171 | | 171 |
| SUM | | 294 | | 17 |
| | | | | 73 |
| GJELD | | 274 | | 347 |
| DIFF. | | 20 | | -56 |
| | | | | -36 |

knytt til flytande rente. Av vår gjeld (ekskl. etabl./ START-lån) er 79 %, eller 274 mill., knytt til flytande.

Ut frå ein svært "balansetro" synsvinkel kan ein konklusjon av desse tala vera at vi har 20 mill. for mykje av portefølgen på fast rente. Rådmannen meiner imidlertid at stoda viser ein akseptabel balansestatus. I etterpåklokskap kan ein lett hevde at andelen på fast rente faktisk kunne ha vore enno større. Vårt største fastrentelån (saldo 48 mill.) som er tatt opp i Kommunalbanken i 2005, er på 4,12 % p.a. over 7 år. Dette er p.t. god butikk.

HOVUDPUNKT:

✓ **Rentebærande gjeld aukar meir enn rentebærande eigedelar**

✓ **Skilnaden mellom gjeld og eigedelar (netto gjeld) utgjør renterisikoområdet**

1

✓ **Største, og p.t. beste fastrentelån: 48 mill. til 4,12 % p.a. i 7 år 2005 - 2012**



AKTIVASIDA : EIGEDELAR OG AVKASTNING

Beholdning.

Beløp i 1000 kr

| Rentebærande egedelar 2007 | Snitt saldo | Avkastning | |
|-------------------------------------------------------|-------------|------------|--------|
| | | I kroner | % p.a. |
| Gjennomsnittleg beholdning og avkastning | 2 007 | | |
| Ord.bankinnskot (Klepp Sp.bank) | 105 897 | 5 315 | 5,0 |
| Fonds-/bankobligasjoner/grunnfondsbevis | 40 469 | 1 758 | 4,3 |
| Realisert verdifall obl. | | -2 141 | |
| SUM bankinnsk. og fondsobl. inkl. realisert verdifall | 40 469 | -383 | -0,9 |
| | 146 367 | 4 932 | 3,4 |
| Lyse energi 135328+131099/2 | 133 214 | 9 688 | 7,3 |
| Klepp energi | 40 000 | 2 898 | 7,2 |
| TOTALT inkl. realisert verdifall | 319 581 | 17 518 | 5,5 |
| TOTALT EKSKL. realisert verdifall | | | 6,2 |

HOVUDPUNKT:

- Relativt god likviditet/pengebeholdning i 2007

- Bra avkastning ansvarlege lån og bankinnskot (som forventa)

Realisert verditap på 2,2 mill. gir:

- Svak total avkastning
- Isolert sett negativ avkastning på obligasjonane (netto tap)



(*) NIBOR = Internrente mellom norske banker

- Kommunen sine samla rentebærande egedelar i 2007 har i snitt loge på ca. 320 mill.
- Vel 170 mill. av dette er ansvarlege lån til Lyse og Klepp E. Desse utgjør grunnstammen i Klepp kommune sine rentebærande egedelar. Betingelsane er regulert i egne avtalar = 3-mdr. NIBOR + 2 % p.a.
- Øvrige aktiva i 2007 – har som tidlegare år vore forvalta samla.
- Ein del av dei midlene som inngår her – ca. 40 mill. i snitt - er vurdert som langsiktige aktiva, og er plassert i bankobligasjonar og grunnfondsbevis
- Resterande midler på bankinnskot, ca. 106 mill. i gjennomsnitt i 2007, er i h.t. bankavtale knytt til 3 mndr.NIBOR flatt (*).

Avkastning. Faktisk avkastning på dei samla midlene utgjør 5,5 % p.a. I dette er tatt omsyn til realisert verdifall på bankobligasjonene. Ser ein vekk frå midlane i Lyse og Klepp Energi er avkastninga på berre 3,4 % p.a. Dette er ikkje godt nok – jf. at 3-mndr.NIBOR har hatt eit gjennomsnitt i 2007 på ca. 5 %. Årsaka til dette er to-delt. For det første har vi måtte foreta ei nedskriving av verdien på obligasjonar med ca. 2,2 mill. (går til frådrag på bokførte renteinntekter).

Rentetap/-risiko. For det andre har vi hatt rentetap på to bankobligasjonar:

- Obligasjon i Toten Sparebank (8 mill. pari) er knytt til god fast rente 5,8 % p.a. - men med klausul om rentekorridor. Renteendringane etter kjøpet har gått i vår disfavour. Renta faller nå utanfor den definerte korridoren, og plasseringa har derfor gitt null i avkastning i 2007.



HOVUDPUNKT:

- Rådmannen tilrår av vi blir sittende i ro med obligasjonsportefølgen



- Obligasjon i Rindal Sparebank (10 mill. pari) er knytt til låg fastrente: 3,8 % p.a. Dette gir i 2007 eit rentetap på ca. 2 % p.a. i høve til snittet på 3-mndr. NIBOR.

Obligasjon i Sparebanken Nord-Norge på 5 mill. (pari) er kredittindeksert. I utgangspunktet gir den 3-mndr.NIBOR + 2,0 %, og sidan kjøpet i 2006 har den gitt god avkastning. Såfremt det ikkje skjer mislighold i den underliggende kredittportefølgjen, som består av 150 selskap, så gir den like god avkastning som dei ansvarlege låna til Lyse/Klepp Energi. Men den er sårbar. Det er nok at 1 av 150 selskap går konkurs. Då vil ein tapa ein god del av forventta avkastning. Men jo lengre tid det går før dette eventuelt skjer, dess mindre vil rentetapet bli. Ved ein –1 – konkurs i år 4 (2010) vil samla avkastning i heile 7-årsperioden bli 3-mndr.NIBOR +1,25 % p.a. Minimum garantert kupongrente er uansett 0,1 % p.a.

Verdifall. Når det gjeld verdifallet på obligasjonene så trur vi hovudårsaka er den generelle uroen i finansmarknaden. At alle utstederbankane er Terrabankar, og at sala er formidla av Terra Security er muligens medverkande, men neppe avgjerande for verdifallet.

Rådmannen tilrår at vi vert sittjande med portefølgjen. Å selge seg ut no, og ta verditapa synast ikkje å svare seg. Utstederbankene vil alltid gå til forfall på kurs 100. Så lenge bankane ikkje går konkurs får vi hovudstolane tilbake. Dei to kortaste (med fast rente) vert gjort opp i 2009. For ein av desse, 10-mill.obligasjonen i Rindal Sparebank, tilsvare kurstapet så langt 2,5 % p.a. i 1 år. Å ta dette igjen, ved å finne alternativ plassering fram til januar 2009 trur rådmannen vert vanskeleg. (må ha min. 6,3 % p.a.)

Oversikt plasseringer i bankobligasjoner og grunnfond:

| oekpl-2008-2011/plass. | Rating | Opprinn. verdi pari | Verdi pr. 31.12.2007 | Nedskrevet verdifall | Løper fra | Antall år til forfall | Rente-betingelse |
|-----------------------------------------------------|--------|---------------------|----------------------|----------------------|------------|-----------------------|------------------|
| Beløp i mill.kr. | | | | | | | |
| Grunnfondsbevis Klepp Sp.bank | BBB+ | 0,88 | 0,88 | 0 | 30.04.2007 | | |
| Obligasjonslån utstedt av: | | | | | | | |
| Klepp Sparebank | BBB+ | 7,0 | 6,78 | 0,2 | 17.12.2004 | 10 år | 3-NIBOR + 1,6 % |
| Vegårdhei Sparebank | A - | 5,0 | 4,76 | 0,2 | 18.03.2005 | 10 år | 3-NIBOR + 1,7 % |
| Kvinesdal Sparebank | A - | 5,0 | 4,69 | 0,3 | 30.11.2005 | 10 år | 3-NIBOR + 1,55 % |
| Rindal Sparebank | A - | 10,0 | 9,75 | 0,3 | 11.01.2006 | 3 år | 3,8 % p.a. fast |
| Toten Sparebank | BBB+ | 8,0 | 7,4 | 0,6 | 20.04.2006 | 3 år | 5,6 % p.a. fast |
| Sparebanken Nord-Norge kredittindeksert obl.lån (*) | A + | 5,0 | 4,47 | 0,5 | 14.08.2006 | 7 år | 3-NIBOR + 2,0 % |
| SUM | | 40,88 | 38,7 | 2,2 | | | |

1) 5,6 % fast. Dersom 3-mndr.NIBOR eller 10 års SWAP faller utanfor ein definert rentekorridor forutsetninger (rentekorridor). så utbetales ikkje renter for desse dagane. NIBOR-korridor: 2,0 til 3,25 % p.a.

SWAP-korridor: 3,5 til 4,75 % p.a.

2) Løper med 3 mndr. NIBOR + 2 % flytende rente. Investor mottar denne avkastningen så fremt det ikkje skjer mislighold i den underliggende kredittportefølgjen bestående av 150 selskap (x) med internasjonal investement-grade rating. Avkastningen justeres da etter en definert faktor. Minimum garantert kupongrente er 0,10 %. Hovedstol er 100 % garantert. (x) Herunder: Statoil, Hydro; Telenor, Volvo, Nokia, ABB, Sony, Vattenfall





PASSIVASIDA – INNLÅN

Lånegjeldsutvikling 2004-2007:


| I 1000 kr. | Pr. 31.12. | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|------------------------|------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Husbanken | | 30 536 | 32 372 | 33 851 | 35 104 |
| Kommunalbanken | | 68 313 | 116 540 | 109 521 | 140 280 |
| Kommunekreditt | | 182 628 | 172 224 | 176 180 | 165 197 |
| KLP | | 1 390 | 1 042 | 695 | 347 |
| Klepp Sparebank | | 11 185 | 9 690 | 8 193 | 7 103 |
| | | 294 052 | 331 868 | 328 440 | 348 031 |
| Husbanken videreutlån | | 59 492 | 74 727 | 71 522 | 66 484 |
| TOTAL LÅNEGJELD | | 353 544 | 406 595 | 399 962 | 414 515 |

HOVUDPUNKT:

- **Total lånegjeld er 415 mill.**
- **Netto gjeldsauke i 2007 ca. 14 mill.**
- **Lånegjeld pr. innbyggjar ligg rundt 22.000 kroner**
- **Vår lånerente i 2007 ligg 0,5 %-poeng (p.a.) under 3-mndr. NIBOR**
- **Våre renteinntekter ligg tilsvarende (0,6%-poeng) over 3-mndr. NIBOR**

Total netto gjeldsauke i 2007 er moderat – ca. 14 mill. Det er tatt opp ca. 47 mill. i nye lån, mens betalte avdrag utgjør ca. 32 mill. (alle tal inkl. etabl.-/START-lån.

Og med stor folketalsauke vert auken i lånegjeld pr. innbyggjar i 2007 også moderat. Grafen til høgre viser at lånegjeld pr. innbyggjar i 2007 (ekskl. etabl.-/START-lån) er mindre enn i 2005.




RENTENIVÅ 2003-2007

Tabell og graf som viser snitt 3 mnd. NIBOR (*), samt Klepp kommune sine gjennomsnittlige renteutgifter og renteinntekter i perioden 2003-2007 i % p.a.:

| Prosent p.a. | 2003 | 2 004 | 2 005 | 2 006 | 2 007 |
|----------------------------------------------------|------|-------|-------|-------|-------|
| Snitt 3 mndr.NIBOR | 4,1 | 2,0 | 2,2 | 3,1 | 4,9 |
| Snitt våre renteutgifter | 5,8 | 2,8 | 2,0 | 3,1 | 4,4 |
| Snitt våre renteinnt. inkl. realisert verdifall-07 | 5,4 | 3,4 | 3,6 | 4,2 | 5,5 |

Lånerenta i 2007 ligg godt under 3-mnd. NIBOR. Dette i motsetning til tidlegare år - jf. særleg 2003-2004. Renteinntektene har i perioden vore mellom 1,1 og 1,4 %-poeng p.a. over 3-mnd. NIBOR, med unntak for 2007. Her er differansen langt mindre; berre 0,6 % p.a.







Folketal, næringsliv og arbeidsmarknad

Folketal

Den 1. januar 2008 var det 15 839 innbyggjarar i Klepp. Folketalet auka med 568 personar i 2007. Dette utgjer ein tilvekst på 3,7 %.

Folketilveksten har vore 2 % i gjennomsnitt dei 10 siste åra. I 2007 vart det fødde 240 barn i Klepp. Fødselsoverskotet var 162 (fødde – døde). Dei 10 siste åra er det fødde 222 barn i gjennomsnitt i kommunen.

Netto innflytting var 410



i 2007 (1 115 flytta inn og 705 flytta ut). Ein kan merka seg at nettoinnflyttinga frå utlandet er 135. Dette utgjer 0,9 % av folketilveksten. Gjennomsnittleg netto innflytting i 10-års perioden var 111.

Næringsliv

Konjunkturbarometeret for Rogaland av januar 2008 viser at Rogaland er eit av dei mest ekspansive fylket i landet. Høge petroleumsinvesteringar slår ekstra sterkt ut i Rogaland avdi ein stor del av oljeverksemda og leverandørindustrien er lokalisert her.

Dei to siste åra har det også vore ein høg sysselsettingsvekst i fylket, og det er mangel på arbeidskraft innan fleire yrkesgrupper.

I konjunkturbarometer for Rogaland står det at det er få teikn som tyder på at veksten skal flate ut med det første. Ein vesentleg del av bedriftene forventar omsetnadsauke også i 2008.

Få veker etter at konjunkturbarometeret blei lagt fram, har dei økonomiske utsiktene ute i verda blitt meir utrygge. Det er grunn til å tru at den internasjonale finansuroen også vil kunna verka på forbruket og investeringslysten i Norge i inneverande år.

HOVUDPUNKT:

Pr. 01.01.2008:
15 839 innbyggjarar

Det har ikkje vore større folketalvekst sidan 1969 !

Bra år for handelen i Klepp i 2007

Handelslekkasjen er i ferd med å tettast



HOVUDPUNKT:

- **Ei utfordring å skaffe ledige tomter til tenesteytande næringer i Klepp**
- **Struktur- endringar i jordbruket held fram**
- **Stadig fleire går inn i samdrift i mjølkeproduksjon**
- **Gode vilkår i veksthus- næringa**



Skatebanen med Jærhagen i bakgrunnen

Frå Klepp Handelsforening blir det meldt om eit bra år for handelen totalt sett. Eit par butikkar stengde dørene i 2007. Ein kan vel heller ikkje sjå bort frå at det er overetablering innan enkelte bransjar i denne regionen. Etter at den nye omkjøringsvegen blei opna, blir det meldt om omsetnadsauke frå fleire av butikkane langs rv 44.

I 2007 var Coop Mega den største Mega-butikken i landet (av 165). Før Jærhagen blei bygd var Klepp den kommunen på Jæren som hadde størst handelslekkasje til andre kommunar. Nå er handelslekkasjen i ferd med å tetta seg igjen.

Den fortetta bustadbygginga som føregår i sentrum er ein styrke for handels- og servicenæringane. Det er ei utfordring å skaffa ledige lokale/ tomter til tenesteytande næringer som ønskjer å etablera seg på Kleppe.

I Kleppekrossen er det nokre tomme bygningar som står og forfell i påvente av ny utbygging. Saneringsmodne bygningar midt i sentrum gir eit dårleg inntrykk både for innbyggjarane og folk som reiser forbi.

På Orstad er det stor næringsaktivitet. Orstad Næringspark (N 10) blir utbygd i privat regi. Alle næringstomtene i Orstad Næringspark er selde. Talet på nye arbeidsplassar er oppgitt til å bli 130.

Øksnevad Næringspark byggjer eit nytt næringsbygg til utleige på eiga tomt (N 6). Bedrifter som er lokalisert i Øksnevad Næringspark ekspanderer, særleg gjeld dette Øglænd System AS.

Næringsområde N 8 på Øksnavad er utbygd i privat regi. Alle tomtene er selde. Det er om lag 50 nye arbeidsplassar i dei bedriftene som til nå har etablert seg der.

Næringsområde N 15 på Øksnavad (sør for Kverneland Group) og N 13 på Tu er under regulering. Reguleringsplan for N 11 på Øksnavad (ved Orstad bru) er ferdig behandla. Næringstomtene blir selde i privat regi.



TINE har planar om å byggja nytt stormeieri i Kviamarka i Hå. Blir dette ein realitet vil Klepp mista om lag 130 arbeidsplassar i meierianlegga på Voll, Kleppe og TINE Fou på Voll.



Frå Kleppekrossen: Her kjem det mange nye bustader

HOVUDPUNKT:

- **Klepp vil på sikt kunne miste 130 arbeidsplassar i meieri-næringa**

Malm Orstad byggjer nytt næringsbygg på Voll, og Block Berge Bygg har utvida på eiga tomt på Øksnavad.

Kverneland Group skal føreta større investeringar på Øksnavad. Det er optimisme i jordbruket ute i Europa og god etterspørsel etter Kverneland sine produkt.

- **Gode vilkår i veksthusnæringa i 2007**

Jordbruket i Klepp opplevde 2007 som eit år med gode veksttilhøve, men med vanskeleg innhausting på grunn av store mengder nedbør. Stigande råvareprisar internasjonalt har ført til noko meir optimisme også lokalt, sjølv om matprisane ikkje vart auka dette året.

- **Turistveg Jæren vil gå gjennom Klepp**

Frå å ha overproduksjon tidlegare år har ein nå fått ein situasjon med underskot på kjøt og mjølk. Politiske diskusjonar rundt klimaendringar, trong for betre jordvern og WTO har dominert media, men det har ikkje skjedd vesentlege konkrete endringar i rammevilkåra dette året. Det har vore fleire saker om bruksrasjonalisering enn førre året, og det er fleire store driftsbygningar under planlegging. Strukturendringane held fram som før, og stadig fleire går inn i samdrift i mjølkeproduksjonen.

Veksthusnæringa har hatt betre vilkår i 2007 enn i fjor, og det er sett i gang vinterproduksjon av tomatar.

Turistveg Jæren vil gå gjennom Hå og Klepp. Det er søkt om RUB midlar (regionalt utviklingsprogram for Rogaland) til turistvegprosjektet. Klepp kommune har i samarbeid med Klepp Næringsforening hatt to næringsstreff og frukostmøte på Øksnavad. Rådmann og ordfører har hatt 9 bedriftsbesøk i 2007.

Klepp kommune har representantar i ulike samarbeidskonstellasjonar om regional næringsutvikling.



HOVUDPUNKT:

- Må 20 år tilbake for å finna så låg ledighet som i 2007

Arbeidsmarknad

”2007, tidenes arbeidsmarked” skreiv direktøren for NAV Rogaland i si pressemelding ved slutten av året. For Klepp sin del må vi sjå 20 år tilbake for å finna så låg arbeidsløyse.

Gjennom året har det vore stor etterspurnad etter arbeidskraft. Talet på ledige har variert litt mellom 81 (januar) og 48 (oktober). Det er forventa høg aktivitet og dermed låg arbeidsløyse også i inneverande år.

Arbeidsløysesprosent

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|----------------|------|------|------|------|
| Klepp | 2,5 | 1,6 | 1,0 | 0,7 |
| Jæren | 2,4 | 1,6 | 1,1 | 0,7 |
| Rogaland fylke | 3,3 | 2,5 | 1,4 | 1,0 |
| Landet | 3,6 | 3,0 | 2,1 | 1,6 |

Bustadbygging

| Bustadbygging År/antall bustader | God- kjent | I gang- satt | Tatt i bruk |
|-------------------------------------|---------------|-----------------|----------------|
| 2007 | 207 | 219 | 236 |
| 2006 | 279 | 234 | 179 |
| 2005 | 192 | 185 | 137 |
| 2004 | 212 | 167 | 150 |

START-lån og bustadstilskot

| | Års- tall | Antal | Lånesum i kroner |
|--------------------------------------------|--------------|-------|---------------------|
| Startlån | 2007 | 37 | 14 652 000 |
| | 2006 | 49 | 16 816 000 |
| | 2005 | 31 | 8 610 000 |
| Bustadstilskot til etabl. og tilpassing | 2007 | 13 | 827 000 |
| | 2006 | 8 | 1 035 000 |



Kleppekrossen



Personal

Likestilling

| Antal | TOT. KOMMUNEN | | | Sentraladm. | | | Skule og barnehage | | | Helse og sosial | | | Lokal utvikling | | |
|---------------------------------|---------------|---------|------|-------------|---------|------|--------------------|---------|------|-----------------|---------|------|-----------------|---------|------|
| | SUM | Kvinner | Menn | SUM | Kvinner | Menn | SUM | Kvinner | Menn | SUM | Kvinner | Menn | SUM | Kvinner | Menn |
| Fast tilsette | 1118 | 929 | 189 | 24 | 13 | 11 | 536 | 444 | 92 | 444 | 416 | 28 | 114 | 56 | 58 |
| Leiarar | 56 | 35 | 21 | 3 | | 3 | 27 | 17 | 10 | 18 | 15 | 3 | 8 | 3 | 5 |
| Fast tilsette ekskl. leiarar | 1062 | 894 | 168 | 21 | 13 | 8 | 509 | 427 | 82 | 426 | 401 | 25 | 106 | 53 | 53 |

HOVUDPUNKT:

- 83 % av dei fast tilsette i kommunen er kvinner
- 93,5 % av deltids-tilsette er kvinner
- Totalt antal tilsette:
1 118
= 11 % auke frå 2006

| Gjennomsnittsløn for kvinner og menn | | | |
|--------------------------------------|--------------------------------------------|-----------------------------------------------|--------------------------------------------|
| kroner pr.år | Faste aktive still. (inkl. leiargruppa) | Faste aktive, vikarer og midlert. tilsette | Faste aktive still. (inkl. leiargruppa) |
| Kvinner | 291 622 | 275 798 | |
| Menn | 349 358 | 314 288 | 341 663 |

Hovudårsaka til lønsforskjellen er at i dei lågast lønte gruppene er det i hovudsak tilsett kvinner. Dette gjeld assistenter innan omsorg, barnehagar og reinhald. Det same gjeld også for fagarbeidarar innan dei same områda.

Nyttilsette (faste og vikarer) i 2007

185 personer, 153 kvinner og 32 menn.

Deltid

| FORDELING HELTID/DELTID | 2007 |
|-----------------------------------------|---------|
| Antall ansatte i deltidsstillinger fast | 552 |
| Antall kvinner i deltidsstillinger fast | 516 |
| % andel kvinner i deltidsstillinger | 93,50 % |
| Antall menn i deltidsstillinger fast | 36 |
| % andel menn i deltidsstillinger | 6,50 % |

Ei av dei største utfordringane vi har innan likestilling er det store talet deltidsstilsette som i hovudsak er kvinner. Det har vore fokus på intern utlysing ved ledige stillingar for å kunne imøtke ønskje om større stillingsstorleik. Måling i 2005 viste ca 50 % av deltidsstilsette ønskjer større stilling. Kontroll i 2007 viser at 42 % av desse fekk ønsket oppfylt.

Det var i 2007 ein ny registrering blant deltidsstilsette med spørsmål om kven som ønska større stilling. 22 % svarte at dei ønska dette. Etatane og avdelingane arbeider med listene for å kunne komma flest mogleg i møte.

Tilsette og årsverk

| Tilsette | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|----------|------|------|------|----------|
| Totalt | 911 | 985 | 1009 | 1118 |
| Årsverk | | 760 | 797 | 1272 (*) |
| | | | | 874 |

Den største auken i talet på årsverk er innan barnehage med opning av fleire nye barnehagar.



HOVUDPUNKT:

- **Totalt antal årsverk: 874**

(* Talet på tilsette totalt som mottar lønn, dvs. fast tilsette og vikarer & midlertidig tilsette som mottar løn. I ein stilling kan både fast tilsette i permisjon med lønn og vikaren telja med.

| ÅRSVERK/TILSETTE/KVINNER/MENN | 2007 |
|---------------------------------------|-------|
| Årsverk 31.12. totalt | 873,6 |
| Fast tilsette inkl. perm. m/og u/lønn | 1 118 |
| Tilsette 31.12. totalt | 1272* |
| Tilsette kvinner totalt | 1 062 |
| % del kvinner | 83,5 |
| Tilsette menn totalt | 210 |
| % del menn | 16,5 |
| Kvinner i leiande stillingar | 35,0 |
| % del kvinner i leiande stillingar | 62,5 |
| Menn i leiande stillingar | 21,0 |
| % del menn i leiande stillingar | 37,5 |

Tilsette og årsverk 2007 fordelt på etatane

| | TOT. I KOMMUNEN | | | Sentraladm. | | | Skule og barnehage | | | Helse og sosial | | | Lokal utvikling | | |
|------------------|-----------------|---------|----------|-----------------|---------|----------|--------------------|---------|----------|-----------------|---------|----------|-----------------|---------|----------|
| | Antall tilsette | Årsverk | ÅRS-VERK | Antall tilsette | Årsverk | ÅRS-VERK | Antall tilsette | Årsverk | ÅRS-VERK | Antall tilsette | Årsverk | ÅRS-VERK | Antall tilsette | Årsverk | ÅRS-VERK |
| Faste | 1075 | 792,5 | 873,6 | 24 | 22,5 | 25,2 | 519 | 423,2 | 452,2 | 423 | 257,1 | 291,6 | 109 | 89,6 | 104,5 |
| Vikarer/midlert. | 202 | 161,4 | | 28 | 23,2 | | 108 | 90,3 | | 53 | 39,0 | | 13 | 8,8 | |
| Perm. u/lønn | 43 | 29,3 | | | | | 17 | 12,9 | | 21 | 12,8 | | 5 | 3,6 | |

- **Årsverk fordelt i % pr. etat:**

- Sentr.adm.: 3 %
- Skule og barnehage: 52 %
- Helse og sosial: 33 %
- LU: 12 %

- **0,4 %- poeng auke i sjukefråværet frå 2006**

- Årsverk som er utheva er oppretta årsverk og grunnlag for budsjettering. Årsverk utan utheving er i aktiv bruk på et gitt tidspunkt.
- Fast tilsette og permisjon utan løn = totalt tal fast tilsette (1118)
- Sentraladministrasjonen: Lærlingane ligg inne i totaltalet. Reknast under vikarer og midlertidig tilsette.

Sjukefråvær

| SJUKFRÅVÆR I % | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|--------------------|------|------|------|------|
| Sentraladm. | 7 | 6,48 | 8,1 | 5,5 |
| Skule og barnehage | 4,6 | 6 | 5,8 | 7,2 |
| Helse og sosial | 6,9 | 6,2 | 6,8 | 5,6 |
| Lokal utvikling | 4,2 | 5,8 | 5,4 | 6,3 |
| Totalt | 5,3 | 6,1 | 6,1 | 6,5 |

Lønsforhandlingar

Det var hausten 2007 lokale lønnsforhandlingar for tilsette innan kapitel 3 og 5. Det vart semje med alle organisasjonane.

Det er store utfordringar knytt til lønnsforhandlingar. Konkurransen om nokre arbeidstakargrupper er stor både i forhold til privat næringsliv og andre kommunar.

Attføringsarbeid

| ATTFØRINGSARBEID | 2006 | 2007 |
|----------------------------------------------------|------|------|
| Antall saker | 54 | 67 |
| Tilbake i fullt arbeid | 9 | 2 |
| Tilbake i delvis arbeid | 6 | 12 |
| Over til full uførepensjon | 11 | 7 |
| Omplassert internt | 4 | 5 |
| Ekstern /yrkesretta attføring – utprøving eksternt | 1 | 2 |
| Usikre, ikkje avslutta | 10 | 16 |

Antal saker er fordelt på 44 personar



Kommunen har satsa mykje på oppfølging av sjukefråvær og attføring. Det blir her gjort mykje godt arbeid. I tillegg er det fleire som har vore i langtidssjukefråvær og komne tilbake i fullt arbeid utan å ha vore behandla i attføringsutvalet.

Seniortiltak

Hausten 2007 vart det vedtatt nye seniortiltak. Utfordringa blir å få registrert kva slags betydning desse tiltaka har for om tilsette blir værande lenger i stillingane.

| OVERSIKT SENIORER | | ANTALL (i tall og %) | | | | | |
|-------------------|-----------------------|----------------------|------------|---------|----|------|----|
| Alder | Tidspunkt | Totalt | % | Kvinner | % | Menn | % |
| 60-62 år | 01.01.1946-31.12.1948 | 76 | 58 | 57 | 75 | 19 | 25 |
| 63-65 år | 01.01.1943-31.12.1945 | 43 | 33 | 29 | 67 | 14 | 33 |
| 66-67 år | 01.01.1941-31.12.1942 | 7 | 5 | 5 | 71 | 2 | 29 |
| over 67 år | <31.12.1940 | 4 | 3 | 2 | 50 | 2 | 50 |
| TOTALT | | 130 | 100 | 93 | | 37 | |

Talet på medarbeidarar som har slutta etter fylte 62 år.

| Årstall slutt | Totalt med AFP frå KLP eller STP | KLP | Kvinne | Menn | SPK | Kvinner | Menn |
|---------------|----------------------------------|------------------------------|--------|------|-----|---------|------|
| 2007 | 13 | 10 | 7 | 3 | 3 | 2 | 1 |
| 2006 | 11 | 6 | 6 | | 5 | 4 | 1 |
| 2005 | 3 | 2 | 2 | | 1 | 1 | |
| 2004 | | Foreligg ikkje tall frå KLP. | | | 4 | 3 | 1 |

Hovudutfordring framover

I ein stram arbeidsmarknad med avgrensa tilgang på arbeidskraft blir den største utfordringa å rekruttere tilstrekkeleg og kvalifisert personell.


Klepp kommune meiner at det er viktig å få unge til å velja offentlig sektor. Ulike tiltak kan vera aktuelle i saman med nabokommunane.

Når det gjeld å rekruttere til dei enkelte stillingar er kommunane konkurrentar på dei fleste områda. Det er innan særskilde grupper også stor konkurranse i forhold til det private næringsliv.



Leiargruppa
(minus fotografen)
august 2007

Prosjektkatalog 2007



HOB-PROSJEKTET

Målsetjinga med Ihob-prosjektet er i større grad å gje hjelp barn under 10 år og familiare deira, og som er i risikosona for å utvikla vanskar. Fokus er forbygging, oppdaging og tidleg intervensjon. Dermed omfattar Ihob-prosjektet også tverrfagleg samarbeid og organisering.

Prosjektet har ført til større merksemd på tidleg oppdaging og innsats, noko som samstundes er eit oppgjær med ”venta-og-sjå-haldninga”.

Mest synleg så langt er utprøving av eit screening-opplegg knyta til 4-årskontrollen. I halvparten av barnehagane vert no 4-årskontrollen gjennomført i barnehagane. Helsesystemene har vist stor vilje og evne til omstilling. Konkrete verkøy er teke i bruk (Språk 4 og SDQ). Samarbeidet mellom helsestasjonen og barnehagen er blitt styrkja. Også barnehagane har teke i bruk og prøver ut verkøy (Alle med) for oppdaging av barn med vanskar.

Helsestasjonen er i endring. Tilbakemeldingane frå tilsette og foreldre kring utprøving av ordning med 4-årskontrollen lagt ut i barnehagane er positive. Det er likevel press frå dei barnehagane som ikkje er med på prøveordninga for 4-årskontroll, om å få slik ordning også hos dei. Dette har ikkje helsestasjonen kapasitet til utan utviding av rammer. Dette vil bli ei utfordring dersom kommunen vel å innføra 4-årskontrollen permanent i alle barnehagane.

Det er tilsett psykolog i heil stilling på helsestasjonen. Saman med BUF-etat vert det prøvd ut eit foreldreskjema (SDQ) for å fanga opp barn og familiar som treng ekstra oppfølging. Skjemaet vert nytta i samband med 4-årskontrollen. Erfaringane er gode, også fordi både psykolog og andre kan følgja opp med retteleiing. For første gang kan kommunen tilby systematisk foreldreretteleiing (Webster-Stratton) for familiar som treng det.

Ihob-prosjektet, med helsestasjonen som utøvande instans, har sett i verk ulike tiltak for å styrkja foreldrerolla. Eit foreldreforum er oppretta, og ei rolle som ”los” og familierettleiar er i aktiv verksemd. I samarbeid med BUF-etat er ein i startgropa med å tilby PMTO-rettleiing for foreldre med barn mellom 6 og 12 år.

Dialogen og samhandlinga mellom PPT og barnevernet er blitt styrkja når det gjeld dei yngste barna. PPT har likevel ikkje vore så aktive i Ihob-prosjektet som ønska. Barnevernet har fått rettleiing av Øyvind Kvello (NTNU) i hausthalvåret. Prosjektleiari har klart inntrykk av at samarbeidskulturen mellom barnevern og andre kommunale avdelingar/institusjonar er betra når det gjeld samhandling kring dei yngste barna i kommunen. Øyvind Kvello har elles også vore mentor og utfordrar for heile Ihob-prosjektet.

Det er gjennomført møter i arbeids-, referanse- og styringsgruppa i samsvar med framdriftsplanen. Ei rekkje tverrfaglege samlingar (t. d. Oppvekstdag) og kompetansetiltak (t. d. om observasjon av barn) er også gjennomførte.

Prosjektleiari har elles teke initiativ til samarbeid med tilsvarande prosjektleiari i Gjesdal, Sola og Sandnes, slik at eit interkommunalt samarbeid og nettverk er på plass.

Til å gleda seg over

- Godt utviklingsarbeid ved helsestasjonen knyta til SDQ, 4-årskontrollen, Zippy, Webster-Stratton etc
- Det er innført betre rutinar og gode verktøy for oppdaging og intervensjon (t.d. Språk ☐ og Alle med)
- Samhandlinga blir stadig betre.... sjølv om det for nokre tilsette alltid er "dei andre" som er "problemet"

Reve redningsstasjon



- Losen (foreldrerettleiaren) driv aktivt førebyggjande arbeid, og også konkret rettleiing av foreldre/familiar
- Tilsette i barnehagen har , trass få bekymringsmeldingar til barnevernet, fått førebygging og oppdaging på dagsorden
- Barnevernet har gjennom samlingane med Øyvind Kvello fått auka både entusiasme og kompetanse
- Systematisk foreldrerettleiing (Webster-Stratton) er no eit reelt tilbod til foreldre i Klepp
- Samarbeidet med BUF-etat om PMTO-tilbod til foreldre med barn frå 6 til 12 år.

Mykje har skjedd, men blir det merka i "sannhetens øyeblikk"?

- Kanskje er kommunen kome lengre i "system-verda", medan det framleis trengst meir hender og hovuder i "livs-verda", der det verkeleg skjer?
- Er det slik at mykje tid blir brukt til intern samordning, medan det framleis er for lite effekt og trøkk på handlingsplanet, særleg for barn som strevar med tilpassing og læring i småskulen?
- Det er mykje dokumentasjon kring kor viktig tilbod og utbyte dei to første skuleåra er. Framleis er det slik at innsatsen kring tverretatlege støttetiltak for nokre 6 og 7-åringar bør styrkast, slik at dei "kjem på rett spor" utan for mange nederlag i ein kritisk periode.

Er det mogleg å justera strukturane?

- Tør vi flytta ressursar frå ungdomssteget i skulen og i staden bruka dei i 1. og 2. klasse?
- Ressursgruppene i barnehagane har fått større betydning og eit innhald meir retta mot einskildbarn. Det er arbeid i gang for å dela ressursgruppene slik at det blir fleire. Dette gjev auka arbeidspress på tilsette i helsestasjon og PPT. Kan me løysa dette med vidare omstilling?

Framover i 2008

2008 er siste Ihob-år. I samsvar med prosjektplanen og innspel frå styrings- og referansegruppa vil særleg dette bli fokusert framover:

- Vurdera ordninga med 4-årsscreeninga, og evt vidareføra/justera
- Arbeida vidare med tiltak for oppdaging/oppfølging av risiko-barn i småskulen

- Ha fagleg fokus på ”reaktive tilknytningsforstyrrelser” for små barn (saman m/ Kvello)
- Gjennomføra PMTO-rettleiing i samarbeid med BUF-etat
- Ha auka merksemd på tiltak for å førebyggje atferdsvanskar i barnehagen (saman m/ Pål Roland)
- Arbeida vidare med samarbeidskulturen og vidareutvikla tiltaksapparatet (jfr. arbeidet også til gruppa som er oppnemnd av formannskapet for å sjå på dette)
- Evaluering og rapportering



VRIGE PROSJEKT

PROSJEKT FLEIRKULTURELT ARBEID - FRITID

Dette to-årige prosjektet starta opp i mai 2007 og er retta mot flyktningar/ innvandrarakar, med mål om integrering i frivillige organisasjonar/ frivillig arbeid. Prosjektleiark i 30% stilling.

SPOR

Det interkommunale kulturprosjektet Spor starta opp sommaren 2005. I 2007 har det vært nokre få arrangement, og året har i hovudsak gått med til å planleggja og organisera arrangement og delprosjekt i hovudsatsingsåret 2008.

SPOR I SAND

Dette kulturhovudstadsprosjektet er knytt til SPOR og har fått 1 000 000 i støtte frå Stavanger 2008. Prosjektleiark starta opp i 2006 og er knytt til avdelingen. Alle elevar i 5-7 klasse i Klepp, Time, Hå og Gjesdal (2716 elevar) deltar saman med kunstnarar. Prosjektet blir gjennomført på Orrestranda i mai 2008

PROSJEKT OPERASIRKUS OG KULTURFORUM

Prosjektet starta opp i 2006 og forestillinga blir urframført i mai 2008. Opera-sirkus er eit ungdomsskuleprosjekt med ungdomar som komponistar, tekstforfattarakar, utøvarar m.m. saman med profesjonelle krefter. Kulturforum er eit utviklingsarbeid for å etablere aktivitetsgrupper m.m. i eit skule-kultursamarbeid.

LEKSEHJELPSPROSJEKT

Frivillighetssentralen deltar saman med skular i Klepp i dette nasjonale pilotprosjektet, som har som føremål å prøva ut metodar og ordningar for leksehjelp i grunnskulen.



Tursti Frøylandsvatntet

KVALIFISERINGSPROSJEKT UNGDOM

Axis er eit av få utvalde ungdomstiltak til å vera med i dette prosjektet som blir gjennomført i samarbeid med landsforeninga Ungdom og Fritid, NOVA og sosial- og helsedirektoratet. Hovudgjennomføringsår er 2008, men ein har gjort førebuingar i 2007.

UNGDOMSUTVEKSLING

Axis deltok saman med ungdom og leiarar frå 9 andre europeiske land i ei ungdomsutveksling/ leir i Mariagerfjord kommune sommaren 2007. Ut frå desse erfaringane har ein vurdert moglegheitene for eit tilsvarende prosjekt i klepp sommaren 2008.



DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Klepp kommune har, etter søknad fått tildelt kr 100 000 i øymerka prosjektmidlar til gjennomføring av eit kulturprosjekt for seniorar etter modell frå DKS (Den kulturelle skulesekken) Første gjennomføringsår blir 2008.

FRIVILLIG ROGALAND

Me har tatt initiativ til eit permanent, jamleg strukturert samarbeid mellom dei 18 frivillighetssentralane i Rogaland, (Frivillig Rogaland) med hovudføre mål å utvikla aktivitet, innhald og kvalitet i frivillighetssentralane. På bakgrunn av dette har det og blitt søkt om RUP-midlar til eit felles regionalt folkehelseprosjekt i regi av Frivillig Rogaland.

FULLMÅNEKVELDAR OG SOMMARKONSERTAR

Avdelinga har gjennomført 13 fullmånekveldar og 6 sommarkonsertar, samt andre arrangement, kurs og kveldskonferansar.

PROSJEKT ”BU TRYGT – BU GODT”

Det er eit overordna mål i norsk bustadpolitikk at alle skal disponere ein god bustad i eit godt og trygt bustadmiljø. For å gjere det mogleg for fleire personar med rus- og psykisk lidning å meistre å bu i eigen bustad og til å eiga eigen bustad, har Klepp kommune etablert prosjektet ”Bu trygt – bu godt”. Kommunen har som mål å utvikle ein modell for samarbeid som sikrar god forvaltning i bustadsaker og som fører til at 20% fleire med rus/psykisk lidning skal eige eigen bustad og at fleire med rus/psykisk lidning skal meistre å bu i eigen bustad. I prosjektet vil det bli prøvd ut forskjellige samarbeidsformer og måtar å jobbe på ovanfor målgruppa.

Systemarbeid med vektlegging på kompetanse.

Gjennom prosjektet blir det viktig å få ein oversikt over kva kompetanse som finnes i kommunen og kor denne finnes. Dette vil avdekke kva type kompetanse kommunen manglar.

Individretta arbeid

Føremålet med å satse på individretta arbeid, er å få kunnskap om kva type hjelp og oppfølging som har effekt for at fleire med rus/psykisk lidning skal få auka sjansar til å klara

seg sjølvstendig i eigen bustad. Prosjektet vil omhandla økonomisk rådgjeving, opplæring i praktiske gjeremål og ulike måtar å få struktur i kvardagen.

Bugruppene

Mange tradisjonelle modellar for endringsarbeid tar utgangspunkt i fokusering enten på problemet, eller i fokusering på ein framtidig løysing. Ved å etablere bugrupper som sjølvhjelpsgrupper blir fokuset flytta, slik at utgangspunktet blir den faktiske røyndommen og den individuelle og subjektive oppleving av denne. Det å bli kjent med den røyndommen ein skal halde seg til, med opne og klare ord, tydeleggjer sjansane for endring.

Metodikken i bugruppene handlar om aktiv bevisstgjerung.

Bugruppene fungerer og som temagrupper. Ein dag i månaden samlast bugruppene rundt eit bestemt tema. Emnene er forskjellige, men tek utgangspunkt i seks hovudtema (helse, ernæring, økonomi, arbeid, nettverk og fritid). Tanken bak disse temakveldane er etablering av ein buskule for den enkelte bebuar.

Strategiar for prosjektet

- Framskaffing av bustader til målgruppa
- Utnytte eksisterande kompetanse i kommunen for å utgreie modell og metode for etablering og individuell oppfølging i bustad.
- Planleggje, tilretteleggje og rettleie i høve til bygging av bustader
- Drive buoppfølging i høve til modell, metode og avtale
- Utvikle eit utstrekt samarbeid med aktuelle fagpersonar og avdelingar
- Utgreie eit evalueringsgrunnlag og evaluera prosjektet undervegs og i sluttfasen
- Utnytte økonomiske verkemidlar
- Inngå individuelle avtaler med prosjektdeltakarar

Prosjektleiari og burettleiari blei tilsett i mai 2007 og prosjektet blir finansiert med midlar frå Sosial- og helsedirektoratet / Husbanken.



Ved Nordhelle/Grudavatnet

Omkjøringsvegen om Kleppe



Litt før klokka halv to laurdag 15. desember 2007 klypte ordførar Elfin Lea over snora som markerte den offisiell opninga av omkjøringsvegen om Kleppe. Vel ein time seinare var vegen tatt i allmenn bruk som ein del av RV 44 over Jæren.

Dagen før hadde fleire tusen Klepps- buar og andre feira vegen med tunnel- fest.

Vegen fram til dette punktet hadde vore lang, nærmare 40 år hadde det vore arbeid. Dei første drøftingane finn vi tilbake til 1974, og i samband med kommuneplanen i 1987 blei det fastlagt at ein skulle velja alternativet vest for Klepp, og ikkje aust som dei første skissene hadde gått ut på.

Særleg to grep skal me her via litt ekstra merksemd, finansiering med bompengar og tunnelen.

Våren 1997 var arbeid med noko ein

kalla TP10, som var ein samla transportplan for kvar av dei 10 største byområda i Norge. Stavanger-området var eit av desse områda, og omfatta Stavanger, Sandnes, Sola og Randa- berg. Behovet for utbygging av vegar var langt større enn ein kunne rekna med å løyvd frå Staten. Diskusjonen om bompengar hadde også nådd media våren 1997, dette var ei ordning mellom anna Bergen, Trondheim og Oslo hadde hatt ei stund.

Rådmann Ivar Undheim og ordførar Ole I. Bore hadde 16. mai 1997, er uformell drøfting av kva dette kunne bety for Klepp. I verste fall kunne me få bommar på alle vegane frå Klepp og inn i Sandnes og Sola. Kleppsbuane ville betale bompengar i årevis utan at det i Klepp ville bli bygt fleire vegar.

Omkjøringsvegen låg ferdig regulert i eit ved-tak frå 1995, prisen hadde stege frå vel 60 mill kr til over 120 mill kr. At Klepp skulle klara å forskotere dette opp i alle dei andre oppgåvene, var utenkjeleg.

Kunne få Klepp med i bompengeringen på vilkår at omkjøringsvegen kom med, ville



Ordførar Elfin Lea og tidlegare ordførar Ole I. Bore med unge hjelparar

i alle fall me få veg att for bompengene som Kleppsbuane betalte.

Hadde me nokon som kunne hjelpa oss, hadde me nokre venner i denne saka? Kommunane i sør blei raskt avskrivne, det var i same båt som oss, dei måtte betala utan å få noko att i eigen kommune, dei i nord var neppe interessert i å dela med oss, men kanskje Vegvesenet var interessert i å hjelpa?

Det blei tatt kontakt med vegsjefen og 29. mai 1997 var det møte mellom Klepp kommune og vegsjefen,

der ein drøfta om Klepp kunne koma med, og korleis ein skulle gå fram. Klepp skulle formelt be om eit møte med styringsgruppa for TP10. Dette blei halde 27. juni 1997, dei ba der om ei formell politisk behandling frå Klepp kommune, så skulle saka formelt behandlast av ei samla styringsgruppe. Signala som ein tok med seg heim frå dette møtet var positive.

I eit ekstraordinært formannskapsmøte 3. juli 1997 slutta formannskapet seg samrøystes til forslaget om at ein skulle søkja om å koma med i TP10, slik at omkjøringsvegen kom med i forslaget til utbygging og finansiering.

Styringsgruppa for TP10 imøtekom søknaden og Klepp blei med på det vidare arbeidet, som nå var heilt i innspurten.

Formannskapet var samrøystes og når saka kom opp igjen i oktober 1997. I kommunestyret var eit solid fleirtal (28-6) for å gå for ei løysing med omkjøringsvegen finansiert med bompengar.

Særleg populært var dette vedtaket ikkje verken hos naboar i sør eller hos innbyggjarane generelt.

Klepp var først ute med sitt vedtak om ja til bompengar, seinare sa Sandnes, nei, Stavanger ja, Randaberg nei og Sola samla seg til slutt i kommunestyret om eit ja. Med ja frå 3 kommunar slutta og fylkestinget seg til forslaget om finansiering av vegprosjekt med bompengar. Stortinget godkjende også ordninga.

Kor mykje Klepp sitt ja fekk å bety for utviklinga er



Rundkjøringa ved Jærhagen – frå september til opningsdagen 15. desember 2007.



Omkjøringsvegen sett frå sørvest mot Kleppevarden

det ikkje mulig å seia heilt sikkert. I følge sentrale personar den gongen fekk Klepp sitt ja, heilt avgjerande betydning. Det hadde vore nei tre gonger før, før saka i det i heile kom til bystyra hos dei fire i nord. Nei ein gong til ville lagt saka på is for lang tid framover. Sola sitt ja var langt lettare, når Klepp hadde sagt ja, enn å stå åleine saman med Stavanger. Fylkestinget la stor vekt på at fleirtalet av kommunene hadde sagt ja. Utan ja i fylkestinget ville innføring av bompengar for vegfinansiering på Nord-Jæren ikkje kome opp.

Som ledd i arbeidet med å få realisert omkjøringsvegen hadde det vorte utarbeid reguleringsplan som var vedtatt i 1995.

Etter vedtaket om bompengar var vegen rykt nærare, men det var ønskje frå vegvesenet om å gjennomgå reguleringsplanen for å gjera bygginga av vegen rimelegare, mellom anna ved å erstatte 3 planfrie kryss med 3 rundkjøringar. Det var også i mellomtida kome strengare støykrav som måtte gjennomgåast.

Vegen var planlagt i ei ganske djup skjering mellom Kleppevarden og Kleppelunden. Nå når vegen rykte nærare var det mange brukarar av Kleppelunden som såg at vegen ville få konsekvensar for Kleppelunden.



Vinnaren av sykkelløpet 14.12.07 Einar Lode saman med Gunn Rita Dale Flesjå

Ei aksjonsgruppe blei stifta medformål å verne Kleppelunden, ved at deler av den nye vegen skulle leggjast i kulvert/tunnel. Grappa hadde fleire møte med vegsjefen, og i det opne måtet

som skulle vera for grunneigarane 24. januar 2001, klarte ein å fylla festsalen i rådhuset med folk som støtta kravet. Maria Storhaug målbar kravet på ein god og sakleg måte på vegne av gruppa, men ho hadde og andre ressurspersonar med seg.



Frå tunnelfesten 14.12.2007

To dagar seinare blei kommunen og vegvesenet enige om at alternativet skulle utgreiast. Utgreiinga viste at det var nok fjell til at vegen kunne byggjast som tunnel, kulvert ville blitt fleire gonger så dyrt.

I eit forhandlingsmøte med vegvesenet 18. april 2001, blei kommunen og vegvesenet enig om ein avtale om å i prinsippet dela likt dei ekstra utgiftene som det blei med tunnel. Vegvesenet hadde rekna dei ut til å bli mellom 11 og

16 mill kr. Nøyaktig kva dei ville bli ville ein aldri få vita, slik at løysing blei at Klepp kommune skulle dekkja 7 mill kr i faste kr utbetalt i 2004 og 2005. Formannskapet tilrådde e avtalen og eit stort fleirtal (29-6) i kommunestyret godkjende avtalen i juni 2001. Sett i etterkant, var nok dette ein god avtale for Klepp kommune.

Med denne avtalen vedtatt, var det grunnlag for å føre vidare reguleringsplanen med tunnel som ein del av planen. Ny reguleringsplan blei godkjent 10. februar 2003.

I september 2006 var det klart at Skanska hadde vunne anbodet om bygging av omkjøringsvegen, og 28. november 2006 fyrte ordførar Elfin Lea av den dynamittsalven som markerte den offisielle starten på anlegget.



Rundkjøringa på Braut

SENTRALADMINISTRASJONEN**HOVUDPUNKT:**

- Vanskeleg bemannings-situasjon i 2007
- Direkteoverføring av kommunestyremøta starta våren 2007
- Innført nytt nasjonalt skatterekneskaps-/innkrevings-system (SOFIE)
- Blant dei 10 % av kommunane i landet som brukar minst til administrasjon (brutto utgifter pr. innbyggjar)

**Status og utfordringar**

Sentraladministrasjonen utgjer ei viktig brikke i smøringa i kommunemaskineriet. Sentraladministrasjonen har ansvaret for sentrale felles-tenester internt i kommunen, og yter tenester og service overfor innbyggjarar, dei folkevalde og øvrig publikum.

Dei viktigaste utfordringane:

- Vidareutvikle desse tenestene i takt med auka forventingar og krav. Stikkord er kvalitet, tilgjenge og tempo i saksbehandlinga.
- Løysa aukande oppgåver med noverande bemanning.
- Vera på høgde med utviklinga innanfor elektroniske tenester på nett, og bruke IT- teknologi som verkty for kontinuerleg forbetring og effektivisering av rutiner (arkiv, økonomi, skatt, saksbehandling, val etc.)
- Tilretteleggje og lette arbeidet for dei folkevalde ved utstrekt bruk av elektronikk/data.
- Sikre dei tilsette i rådhuset tilfredsstillande arbeidstilhøve og dei besøkjande tilgjenge (rehabilitering av rådhuset).
- Høgkonjunktur og full sysselsetting skapar hard konkurranse om arbeidskrafta. Ei sentral utfordring vil vera å behalde eksisterande arbeidskraft og kompetanse og å rekruttere ny.

| Fokusområde: INNBYGGJARAR | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> • Skriftlege henvendingar skal svarast på seinast innan to veker • 1. kontaktperson med publikum skal kunne svare på 40 % av henvendingane • Etablere beredskap ved forventa stor pågang frå publikum | <ul style="list-style-type: none"> • Det er vanskeleg å måla då svarfrist i Sak/Arkiv systemet ikkje er teke i bruk pr dags dato. Rapport i Sak/Arkiv systemet viser at det er motteke 1186 inngåande dokument og 249 utgåande. Tala er ikkje relevant for handlingsmåla då ca 50 % av inngåande dokument vert sendt vidare til andre etatar for behandling og x % er skriv som ikkje krev skriftleg svar. • Enkle spørsmål frå publikum retta pr telefon, e-post eller ved direkte fram møte får svar og rettleiing same dag. Personar i første linje har dagleg kontakt med publikum og svarar så godt som råd er. Det vert lagt stor vekt på å vera imøtekomen og gje klar informasjon og rettleiing. Dokumentdistribusjonen vert styrt slik at den skal sikra korrekt sakshandtering. Dvs at publikum skal få svar innan rimeleg tid. • Har ikkje blitt prioritert då det har vore eit travelt år med knappe ressursar. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Sikre løpande oppdatering av informasjon på heimesida • Vurdere å overføre kommunestyremøta • Postlista skal vera på Internett dagen etter | <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektarbeid med elektroniske tenester på nett er framleis under arbeid. Elektroniske søknader "Bygg-Søk" er teke i bruk. Arbeidet med å sikre kontinuerleg oppdatering av informasjon på heimesida pågår jamt. Prosjektarbeid for å få minst 15 elektroniske tenester på nett innan 30.06 2008 er godt i gang. • Søknad til kulturskolen og direkteoverføring av kommunestyremøta via heimesida vart klart våren 2007 • Ved normal drift blir dette følgt opp. |

| Fokusområde: MEDARBEIDARAR | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide kurs-/kompetanseplan | <ul style="list-style-type: none"> • Tilsette i sentraladministrasjonen har deltatt på ulike kurs utan at det er utarbeidd nokon plan. Det er tilsette som går på meir omfattande opplæring. Planar er ikkje laga grunna kapasitet. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Sjukefråvær under 6 % | <ul style="list-style-type: none"> • Oppnådd. 5,5 % i sentraladministrasjonen i 2007 som er det lågaste på 4 år. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere felles løn/rekneskap/skatt med Time kommune i løpet av 2007/2008 | <ul style="list-style-type: none"> • Felles løn og rekneskap blir sett på som uaktuelt å vurdere i HP-perioden. • Samarbeid om SKATT, med fleire kommunar, vert sett på dagsorden i 2008 |

Bemanning:

Bemannings situasjon i 2007 har vore svært vanskeleg, med redusert bemanning p.g.a reduksjonar som seniortiltak og lengre sjukefråvær. Dette aukar belastninga på gjenverande personale, fordi det ikkje vert sett inn ekstra ressursar.

Samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane

Samarbeidet blir opplevd som godt med stor gjensidig tillit. Det er regelmessige møte.



| Fokusområde: ØKONOMI | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none">• Årlege samling i sentral-adm. for oppdatering av handlingsplan/mål | <ul style="list-style-type: none">• Ikkje gjennomført i 2007 |
| <ul style="list-style-type: none">• Gå vidare frå e-faktura til e-handel• Full utnytting av NOTUS turnus-/time-listesystem innan 2008• Forenkle reisereknings-rutinane i løpet av 2007/2008• Effektivisere rutinane vedr. variabel lønn for lærarar i løpet av 2007/2008 | <ul style="list-style-type: none">• Blir vurdert igangsett i løpet av 2008• Utnytting forbetra i 2006/2007, men framleis flaskehalsar• Sett i bero, p.g.a. truleg lågt effektiviseringspotensiale• Vert igangsett i 2008 |
| <ul style="list-style-type: none">• Revisor skal finne internkontrollen/-rutinane tilfredsstillande | <ul style="list-style-type: none">• Opplegg for forbetring og sikring av utbetalingsrutinane (arbeidsdeling) gjennomført i 2007 |
| <ul style="list-style-type: none">• Revidere finansreglementet i 2007 | <ul style="list-style-type: none">• Gjennomført |
| <ul style="list-style-type: none">• Vera blant dei 10 % av kommunane i landet som bruker minst på administrasjon i h.t. KOSTRA | <ul style="list-style-type: none">• Oppnådd – målt i brutto driftsutgifter pr. innbyggjar• Ikkje oppnådd – målt i netto driftsutgifter pr. innbyggjar <p>Basert på KOSTRA-tal pr. 14.03.08: 393 av 437 kommunar er registrert</p> |
| <ul style="list-style-type: none">• 94 % av utlikna restskatt 2005 skal vera innbetalt pr. 30.06.2007• 85 % av utlikna restskatt 2006 skal vera innbetalt pr. 31.12.2007• Halda min. 25 arbeids-gjevarkontrollar pr. år | <ul style="list-style-type: none">• Pga. nytt nasjonalt skatterekneskap (SOFIE) er det ikkje lenger mogeleg å spesifisere restskatten pr.år. Må vurdere nye handlingsmål.• Halde 30 kontrollar i 2007 |
| <ul style="list-style-type: none">• Anbud revisjon | <ul style="list-style-type: none">• Gjennomført (Deloitte) |

| | |
|---------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| • Anbud sekretariat kontrollutvalet | • Gjennomført (Rogaland kontrollutvalgssekretariat) |
| • Avkastning langsiktige plasseringar: I snitt 3-mndr. NIBOR + 1 til 1,5 % p.a. | • Ikkje oppnådd, i hovudsak som følgje av nedskrive verdi av hovudstolen på bankobligasjonar |

Økonomiske rammer

| SENTRALADMINISTRASJONEN Beløp i 1000 kr | Rekneskap 2005 | Rekneskap 2006 | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 |
|--------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|
| Brutto utgifter | 26 883 | 25 147 | 27 524 | 26 918 |
| Brutto inntekter | 5 441 | 4 178 | 4 216 | 3 610 |
| Netto driftsutgifter | 21 442 | 20 969 | 23 308 | 23 308 |
| Mer (-)/mindreforbruk | 349 | 607 | 0 | |

Sentraladministrasjonen har i utgangspunktet eit overforbruk i 2007 på ca. 0,4 mill. Dette er saldert ved bruk av disposisjonsfond. Hovudårsaka til overforbruket skriv seg frå IT-drift. Krav og forventningar om nye dataløysingar og program presser seg fram, og det er ikkje tvil om at behovet er legitimt. Men økonomien rundt drifta er svært stram – slik den har vore i ei årrekke. Av andre område med større overforbruk kan nemnast tilskot til religiøse trussamfunn og godtgjersle folkevalde.



KOSTRA-tal: Sentraladministrasjonen sin del av netto driftsrammer i 2007 er om lag 5 %. Dette trur vi er relativt konkurransedyktig i høve til veldig mange andre kommunar. KOSTRA-tala, som også omfattar administrasjon, styring og fellesutgifter ute i etatane, viser at vi har vore, og er blant dei 10 % av kommunane i landet som bruker minst til desse tenestene pr. innbyggjar.

| Beløp i kroner pr. innbygger Adm., styring og fellesutgifter | Klepp | | | Time | Hå | Gruppe 7- kommuner | Landsgj. snitt |
|-----------------------------------------------------------------|-------|-------|------|-------|-------|-----------------------|-------------------|
| År | 2005 | 2006 | 2007 | 2007 | 2007 | 2007 | 2007 |
| Brutto driftsutgifter | 2 931 | 2 327 | 2624 | 2 969 | 3 132 | 3 054 | 3 389 |
| Netto driftsutgifter | 2 720 | 2 104 | 2464 | 2 826 | 2 935 | 2 698 | 2 898 |

Av 437 kommunar i landet er det 393 som er registrert med 2007-tal i KOSTRA pr.14.03.08. Av desse 393 er det 39 kommunar som har mindre brutto driftsutgifter pr. innbyggjar enn Klepp. Dette betyr at vi ligg så vidt innanfor dei 10 % av kommunane som bruker minst til administrasjon pr. innbyggjar. (40 av 393 = 10,2 %). Når det gjeld netto driftsutgifter er det 56 kommunar som bruker mindre pr. innbyggjar enn Klepp.

Nøkkeltal skatt og rekneskap/løn

| v/noktal00 | | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|------------------------------------------------------------|----------|---------|----------|---------------|----------------|
| NØKKELTAL SKATT/REKNESKAP/LØN | | | | | |
| Endr. samla skatte-/avg.restansar pr 31.12. | % | (+) 0,3 | (+) 34,0 | (+) 14,5 | (+) 6,1 |
| Totalt utlign. skatt forskotsordn. | mill.kr. | 772 | 837 | 889 | |
| Skatteytarar i likn.mantalet | antal | 12 028 | 12 188 | 12 482 | |
| Skatteytarar m/utlikna skatt | antal | 11 405 | 11 522 | 11 777 | |
| Tot.utlikna etterskottsskatt | mill.kr | 95,9 | 83,6 | 102,4 | |
| Antal firma/AS | antal | 333 | 435 | 453 | |
| Tot. lønsutbet. alle arbeids- gjevarar i heile kommunen | mill.kr. | 1398 | 1424 | 1539 | |
| Arbeidsgjevarkontrollar | antal | 29 | 24 | 29 | 30 |
| Inngående bilag | antal | 15280 | 16 813 | | 17300 |
| Utgående bilag | antal | 27583 | 34 000 | | 31557 |
| Utskrevne løns- og trekkopp. | antal | 2005 | 2 094 | | 2322 |

| Fokusområde: SAMFUNN/MILJØ | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle elektronisk kommunikasjon med dei folkevalde Ha valresultatet klart til kl 23 00 | <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsgruppe med 3 folkevalde og 2 frå administrasjonen er nedsett i jan.-08. Arbeid med kartlegging av personalressursar i politisk sekretariat og papirbruk i samband med utsending av sakspapir er starta. Ei av hovudoppgåvene i 2007 har vore kommunevalet for 2007-2011 med direkteval av ordførar for same perioden. Avviklinga gjekk greitt. For fyrste gong nytta me skanner i opteljingsarbeidet. Resultatet vart innrapportert valnatta kl 21.45. |
| <ul style="list-style-type: none"> 1 lærling pr. 1000 innbyggjar med særleg vekt på helsearbeidsfaget | <ul style="list-style-type: none"> Omlag 1 ½ lærling pr. 1000 innbyggjar |

Nøkkeltal Fellestenestene

2004 2005 2006 2007

| | | | | | |
|--------------------------------|-----------|--------|-------|--------|--------|
| Kommunestyret | møte | 7 | 7 | 7 | 9 |
| Kommunestyret | saker | 69 | 70 | 72 | 107 |
| Formannskapet | møte | 11 | 12 | 8 | 10 |
| Formannskapet inkl. øk. utv. | saker | 99 | 72 | 64 | 97 |
| Formannskapet / Klagenemnda | saker | 2 | 1 | 6 | 3 |
| Administrasjonsutvalet | saker | 11 | 9 | 4 | 7 |
| Administrasjonsutvalet | møte | | | 1 | 2 |
| Arbeidsmiljøutvalet | saker | 26 | 25 | 22 | 21 |
| Arbeidsmiljøutvalet | møte | | | 4 | 7 |
| Fullmaksvedtak - rådmann | saker | 86 | 75 | 103 | 100 |
| Fullmaksvedtak - ordførar | saker | | 25 | 28 | 29 |
| Hovudutval for levekår | møte | 7 | 7 | 8 | 6 |
| Hovudutval for levekår | saker | 48 | 57 | 56 | 64 |
| Hovudutval for lokal utvikling | møte | 10 | 10 | 10 | 11 |
| Hovudutval for lokal utvikling | saker | 144 | 160 | 176 | 164 |
| Råd for funksjonshemma | møte | | 3 | 5 | 4 |
| Råd for funksjonshemma | saker | | 10 | 16 | 13 |
| Seniorrådet | møte | | | 5 | 5 |
| Seniorrådet | saker | | 12 | 15 | 17 |
| Registr. ut- og inng. dok | tal | 20 000 | 21000 | 22 000 | 24 000 |
| Sysselsetningstiltak: | | | | | |
| Personar | tal | 58 | 58 | 36 | 25 |
| Årsverk | tal | 9 | 10,5 | 7,2 | 6 |
| Lønstilskot / Arbeidspraksis | mnd. verk | 1 | 24 | 0 | 0 |
| Attføring | mnd. verk | 38 | 46 | 55,5 | 45 |
| Komm. sysselsett | mnd. verk | 42 | 44 | 13,6 | 20 |
| Økonomisk rådgiving | nye saker | 44 | 43 | 30 | 30 |
| Lærlingar ved utg. av året | tal | 22 | 23 | 19 | 23 |

Av større saker som har vore behandla i kommunestyret kan ein nemna:

- Langsiktig grense for kjerneområde landbruk i kommuneplanen for 2006- 2017
- Tilsagn om auka løyving til omsorgsbustader (psykiatri), Storhaug barnehage, Orstad/Frøyland kyrkje, Kleppetunet II, Bore ungdomsskule
- Forskrifter for direkte ordførarval, godtgjersle for folkevalde
- Årsrapport og rekneskap for 2006
- Godkjenning av valet og ei rekkje valsaker
- Plan for primærlegetenesta
- Handlingsplan for auka tilgjenge
- Tomteprisar Orstad
- Tildeling av barnehagetomt på Orstad
- Flyktningmottak 2008
- Val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet
- Reguleringsplanar og utbyggingsavtalar for område 25 ved Nordlysvegen, Storhaug barnehage, Haugabakka vest, Næringsområde N11 på Orstad, skule og barnehage på



Utviklingsdag 2007



HOVUDPUNKT:

- Sørhellet barnehage opna
- Mellombels barnehage i idrettshallen (for Storhaug barnehage)
- Barnehagane og skulane har satsa på å betra den sosiale kompetansen hos born og elevar - og å redusera uønska framferd
- Alle som søkte barnehageplass innan fristen, fekk plass
- Realauke med 9 lærarstillingar
- Eksamensresultata låg over landsgjennomsnittet for fleire fag, medan resultatata på nasjonale prøver låg under

ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE

Storhaug barnehage (tidl. skule) frå 1922

Etaten sin visjon:

Alle barn og unge i Klepp skal få utvikla sine unike eigenskapar optimalt.

Grunnleggande for arbeidet i etaten er det vedtekne barne-/elev- og læringssynet:

- Barn og unge i Klepp blir sikra kompetanse av variert art; sosial, etisk, kreativ, fagleg, arbeidsmetodisk og praktisk-estetisk.
- Barn og unge i Klepp møter forventingar om læring.
- Barn og unge i Klepp lærer på mange måtar.
- Barn og unge i Klepp får ei opplæring som er tilpassa den einskilde.
- Barn og unge i Klepp deltar i planlegging, gjennomføring og vurdering av aktivitetar og oppgåver – dei har påverknad både på innhald og arbeidsmåtar.

| Fokusområde: INNBYGGJARAR | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Lærardekning pr elev på 12,5 eller mindre. | Lærardekninga er på 12,73 skuleåret 2007/08. Gjennomsnittet for kommunane med over 7000 innbyggjarar i Rogaland er 12,5. |
| <ul style="list-style-type: none"> Resultata skal vera på eller over landsgjennomsnitt. | Eksamensresultata ligg over gjennomsnittet for matematikk og engelsk. Norsk ligg under. Lesing for 2. trinn er svært bra, men ikkje tilfreds- stillande for 7. og 9. trinn. |
| <ul style="list-style-type: none"> Tiltaka i Kunnskapsløftet er gjennomført. | Skulane har arbeidd målretta særleg med grunnleggjande dugleikar. Klepp starta tidleg med framandspråk. Spansk er framleis mest populært. |
| <ul style="list-style-type: none"> Det er laga eigen foreldreplakat for folkeskikk og forventingar. | Foreldreplakaten blei klar til august. Foreldra er godt engasjert i arbeidet med folkeskikk. Skulane og barnehagane har laga gode planar for vidare involvering. |
| <ul style="list-style-type: none"> Realisera innhaldsføringar i ny Rammeplan. | Barnehagane har utarbeidd planar innafor fagområda. Språk er satsingsområdet. |
| <ul style="list-style-type: none"> Alle som søker, får plass i barnehagane. | Alle som søkte plass innan fristen gjekk ut 1. mars, har fått eit tilbod. Det var 100 barn på venteliste ved årsskiftet. Dette var søkarar etter fristen, og nokre få som takka nei til plassen dei fekk tilbod om. |
| <ul style="list-style-type: none"> Ikkje vald, mobbing eller hærverk. Trivselsresultat på eller over landsgj. | Elevane skårer kring middels på trivsels- undersøkinga. Det er elles slik at nokre få elevar øydelegg for mange, særleg på ungdomssteget. |
| <ul style="list-style-type: none"> Tiltaka i ny plan for overgangsarbeidet er gjennomført | Planen har blitt gjennomført og også vist til i Stortingsmelding 16. Nokre justeringar har også blitt vedtatt. |
| <ul style="list-style-type: none"> Tidleg og heilskapleg hjelp til born under 10 år. | Årsrapporten inneheld eigen rapport for Ihob-prosjektet. For det som gjeld etaten er arbeidet godt i gang. |
| <ul style="list-style-type: none"> Alle søkarar til kulturskulen skal få plass. | Ventelista er på 81 elevar ved årsskiftet 2007/08. Av desse er 26 på skapande skrivning som det ikkje er økonomi til å setja i gang. |

Status og vurdering av stoda.

Barnehage

Alle barnehagane er no godt i gang med innføringa av den nye rammeplanen. Etaten har hatt fokus på pedagogiske leiar si rolle, fagområde for assistentane, IKT og overgangsarbeid i kompetanseplanen.

Ei av dei store utfordringane er stort sjukefråvær og lite vikarar. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe som skal sjå på dette. Bedriftshelsetenesta vil og bli trekt meir med i dette arbeidet.

Den andre store utfordringa er mangelen på førskulelærarar. Ved årsskiftet var det innvilga 9 dispensasjonar frå utdanningskravet som førskulelærar. Dette er samla for kommunale og private barnehagar.

Skule

Det har blitt arbeidd målretta på skulane for å nå dei oppsette måla i handlingsplanen. Det er likevel skilnad på skulane. Etaten har samlingar for å syna best praksis og stiller forventingar i forhold til mål og tiltak i planen.

Skulane slit med stadig fleire elevar som ikkje kan oppføra seg. Ulike tiltak vert sette inn, og fleire av desse ber preg av utskiljing av elevar i staden for ønska inkludering. I 2007 har det vore omfattande kompetanseheving av lærarane innan atferdsproblem og leiing av elevar. Ein del enkeltelevar finn kommunen likevel ikkje gode nok løysingar for. Dette blir det nå arbeidd aktivt med i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i Handlingsplanen.

Kulturskule

Ventelista ved årsskiftet er på 81 elevar. Det har blitt berekna for høg foreldreinntekt i 2007. Det gjer at det ikkje er rom for å halda på det same tilbodet i 2008.

PPT

Ca 120 nye saker er tilvist til PPT i 2007. Det er svært mange fleire gutar enn jenter, men det blir fleire jenter med auka alder. Ca 50 % av nye tilvisingar var barn under 10 år. Det er sosiale/emosjonelle vanskar, språk/talevanskar og lese/skrivevanskar som dominerer. PPT har i periodar hatt venteliste for nye saker, ventetida har då vore inntil tre mnd.

Utsikter og utfordringar:

Barnehage:

Ei av utfordringane er å ha nok barnehageplassar. Det har dei siste åra vore ei stor auke i behovet for barnehageplassar. Dette skuldast både høgare fødselstal, tilflytting, og at fleire av barna under 3 år ønsker ein plass. Fordi om kapasiteten er utvida dei siste åra, er vil det vera behov for fleire barnehageplassar. Når dei utvidingane og nybygga som no er planlagde er slutførte, skal me kunna oppfylle regjeringa sin definisjon om full barnehagedekning. Ved endring i barnehagelova, med at barn får rett til barnehageplass, kan dette på sikt endra seg. Dette vil bli omtala i ny skule og barnehagebruksplan.

Det er ikkje nok utdanna førskulelærarar i Rogaland til å kunna dekkja behovet. I alle kommunar har det dei siste åra vore ei stor utbygging, og utdanningskapasiteten på universitetet har ikkje blitt auka for å kunne møte det auka behovet for førskulelærarar. Klepp kommune må framover vera ein stad førskulelærarar ønsker å arbeida.

Skule

Betre lærardekning har vore hovudutfordringa dei siste åra. Med ei lærardekning på 12,73 har Klepp 2 kommunar bak seg i Rogaland.

Elevtalet går ned frå 2654 inneverande skuleår til 2601 komande skuleår. Med same talet på lærarar vil det gje ca eit gjennomsnitt på 12,5 elevar pr lærar. For å koma på 12,3, må det til ein auke på i overkant av 3 lærarstillingar.

Det blei i økonomiplanen gitt eit ekstra tilskot på kr 800 000 til elevar med store åtferdsvanskar. Ved utgangen av 2007 var det 6 elevar med tiltak som har ein kostnad på ca kr 600 000 pr elev. Det er tildømes kjøpt ekstra plassar ved Møllehagen skole i Stavanger. I stor grad gir rektorane tilbakemelding på at auka lærardekning har gått til tiltak for slike elevar.

Kulturskule

Hovudutfordringa for kulturskulen vil vera å få midlar til å gje tilbod til alle som søker. På grunn av foreldrebetaling og statstilskot, gir ekstra kommunal innsats god utteljing.

I løpet av eit par år bør kulturskulen få forbetra lokalitetar.

PPT

PPT får auka bemanning i 2008 og vil halda fram med å prioritera individuelt arbeid med elevar/barn, konsultasjon barnehage/skule og delta i prosjekt/nettverk.

| Fokusområde: MEDARBEIDARAR | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Høg score på trivselsundersøkinga. Lågt sjukefråvær. | Det er framleis høg score på trivslesundersøkinga. Sjukefråværet er likevel blitt høgare. Arbeid for å få betring er i gang. |
| <ul style="list-style-type: none"> Kompetanseplanar blir laga og gjennomførte. | Kompetansetiltaka har vore svært omfattande i 2007 og gjennomført etter planane. Frammøtet frå nokre av skulane kunne vore betre. |
| <ul style="list-style-type: none"> God leiing, lite uro og betre læringsresultat | Det er store variasjonar mellom skulane. Foreldre og elevar er jamt over nøgde. Elevundersøkinga, foreldreundersøkinga og læringsresultata viser likevel at det må arbeidast vidare med trivsel, læringsmiljø og motivasjon for læring, særleg på ungdomssteget. |
| <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsforholda for tilsette i skulen skal betrast ved auka ressursramme. | Sjå kommentar over. |
| <ul style="list-style-type: none"> Tiltaksplan for å redusera sjukefråværet i barnehagane. | Det er sett ned ei gruppe av ein etatsverneombod, ein styrar, representant frå personalkontoret og barnehagesjef for å lage ein tiltaksplan. Bedriftshelsetenesta vil bli trekt med i arbeidet. Planen skal vera ferdig innan utgangen av april. |
| <ul style="list-style-type: none"> 50 % av tilsette i barnehagane er pedagogar. | Det har ikkje vore midlar til å koma nærare dette målet i 2007. mangel på førskulelærarar gjer det også vanskeleg å nå dette målet nå. |
| <ul style="list-style-type: none"> Ingen skademeldings-skjema | Det er truleg ei underrapportering av skader i denne etaten. Det er viktig at skader blir rapportert slik at dei rette tiltak blir sett inn for å minska på desse. |

Status og vurderingar av stoda

Arbeidsmiljøundersøkinga syner at trivselen er høg i etaten. Mangel på vikarar er likevel er ein slitasjefaktor.

Det kan bli vanskeleg å rekruttera nok førskulelærarar og lærarar framover. Eigen plan er sett i verk.

Det er starta eit arbeid for å få vurdert leiarane sin arbeidssituasjon. Ordninga med seniortiltak vil bli drøfta med hovudtillitsvald for å få vurdert korleis denne kan gjelda for lærarane.

Utsikter og utfordringar

- Kompetansetiltaka må spissast i forhold til betring av språk og lesing.
- Kompetansehevinga i 2007 for å få til sosial kompetanse og redusera åtferdsvanskar må få synlege resultat i 2008
- Ei gruppe arbeider med tiltak for å redusera sjukefråværet i barnehagane
- Det er på gang arbeid med tiltak for å sikra god rekruttering av førskulelærarar og lærarar
- Administrasjonsressursen på skulane bør aukast.

| | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Fokusområde: ØKONOMI | |
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Vurderingsskjema frå avdelingane i årsrapport viser 3 eller betre (på ein skala fra 1 til 4) | Vurderingane frå avdelingane syner at målet ikkje er nådd. Bakgrunnen er omtala over. |
| <ul style="list-style-type: none"> Vedtekne rammer blir haldne | Det er god økonomistyring i avdelingane. Nokre avdelingar har underskot, medan eit fåtal har eit mindre overskot. Totalt kjem etaten ut med eit lite underskot. |

| | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Fokusområde: SAMFUNN OG MILJØ | |
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Betring i resultat på undersøkingar, karakterar og testar. | Sjå kommentarar over. Det har blitt eit betre fokus både blant foreldre og politikarar. Forventingane er større, og tiltaka i barnehagane og skulane bør bera bod om at me er på rett veg. |
| <ul style="list-style-type: none"> Foreldre tek ansvar for positive tiltak i nærmiljøet. Det skal samhandlast med lag og organisasjonar om God-framferds-plakaten for å få til felles haldningar. | Sjå kommentarar over om trivsel og tryggleik. Foreldre involverer seg meir nå for å få til trivsel og positive tiltak i barnehagane og skulane. Det blei samarbeidd godt med lag og organisasjonar om God-framferds-plakaten i Verdiprojektet. |
| <ul style="list-style-type: none"> Skule- og barnehagebruksplan er revidert i 2007 for å møte utviklinga i barne- og elevtal. | Planen blir revidert i 2008. I løpet av 2007 har det likevel blitt gjort revidering av barnehageplanen for å oppnå full dekning. |
| <ul style="list-style-type: none"> Alle barnehagar og skular har heimeside Foreldra opplever at info er god. | Alle har heimeside. Nokre er veldig gode og blir jamleg oppdaterte. Her kan andre sider bli betre. |

Utsikter og utfordringar

Verdiprojektet går inn i det siste året. Det er nok eit prosjekt som me kan sjå gradvise resultat av. Men resultatane vil også avhenga av om kommunen kan halda fram med den positive ressursauken til born med større hjelpebehov. Det er i denne gruppa innsatsen særleg må aukast.

Økonomi.

| | Rekneskap 05 | Rekneskap 06 | Rekneskap 07 | Budsjett 07 |
|----------------------|--------------|--------------|--------------|-------------|
| Brutto utgifter | 217 204 | 243 246 | 283 639 | 269 128 |
| Brutto inntekter | -77 643 | - 91 102 | -110 757 | - 96 426 |
| Netto driftsutgifter | 139 561 | 152 144 | 172 882 | 172 702 |
| Mindre/meirforbruk | - 982 | - 1 237 | 180 | |

Kommentar til økonomiske resultat/avvik i etaten i 2007

Budsjettet for 2007 vart levert innanfor den vedteke ramma på 161 282 000, men sidan statstilskotet til framandspråklege elevar i grunnskulen nå går inn i rammetilskotet, så fekk etaten tilført ein kompensasjon på kr 2 100 000.

I kommunestyret den 11. 12. 2006 – sak 57/06 – vart det vedteke at etaten skulle få ytterlegare eit rammetillegg på kr 4 700 000. Desse vart fordelt med kr 600 000 til Møllehagen, kr 300 000 til fosterheimsbarn, 1 mill. kr til betre lærardekning, kr 800 000 til kunnskapsløftet, kr 500 000 til ungdomsmiljøet og 1,5 mill. kr til generell styrking. Det vart og gitt tillegg som kompensasjon for lønsauke i 1. tertial på kr 2 084 000, auka elevtal/3 still. kr 620 000 og midlar til frukt og grønt kr 320 000. I samband med 2. tertial vart etaten tildelt kr 2 000 000 til kunnskapsløftet /ekstra styrking.

Etaten kom totalt ut med eit underskot på kr 1 385 811. Det stod att kr 1 205 407 på disposisjonsfondet frå tidlegare år. Dette vil nå verta nytta for å dekkja opp ein del av underskotet. Dette gjer at underskotet vert redusert til kr 180 404. Etaten har då brukt opp alle udisponerte midlar frå tidlegare år. Både PPT og kulturskulen har fått dekkja opp ein stor del av lønsutgiftene/manglande foreldrebetaling i kulturskulen av disposisjonsfondet.

Det er sett av nær 1,5 mill. kr i øymerka fond. Dette er midlar/prosjektmidlar som skal nyttast til bestemte føremål. Om lag 1 mill. kr tilhøyrer etaten, medan resten er midlar som skulane har sett av.

Meirinntektene i etaten kjem hovudsakleg frå auka statstilskot/skjønsmidlar til barnehagane, foreldrebetaling SFO, refusjon sjukeløn, kompetansemidlar frå staten og refusjon frå andre kommunar.

Meirutgiftene gjeld vikarutgifter, lærebøker, skyss skulebarn, husleigeutgifter, tilskot til private barnehagar og elevar i andre kommunar. Det er og kome inn mindre inntekter til framandspråklege elevar enn budsjettet.

Sjølv om etaten har fått tilført ekstra rammetilskot i 2007, så vil kommunalsjefen gje ros til avdelingsleiarene som har ført ein så streng økonomisk disiplin for å prøva å halda seg innanfor dei tildelte rammene.

Etatsadministrasjon

Administrasjonen går i underskot med om lag kr 300 000. Overflyttingar ligg til grunn for dette. Andre store utgiftsposter har vore utgifter til annonsar. Etaten har hatt eit budsjett på kr 100 000, men utgiftene beløper seg nå til over 300 000 kr. For å få nok kontor plass til alle tilsette, har det vore ei ombygging på kontoret. Dette har og vore ein ekstra utgiftspost dette året.

Barnehagesjef

Årsresultatet for barnehagesjefen er i balanse. Det har vore om lag 4 mill. kr i meirinntekter på statstilskot/skjønsmidlar. Kr 250 000 av skjønsmidlene er avsett til øymerka fond, elles er mesteparten av midlane nytta til utgifter ved oppretting av ny barnehage, utviding av barnehagar, auka husleigeutgifter og overføring til private barnehagar.

Barnehagane

Totalt kjem barnehagane ut med eit overskot i underkant av kr 300 000. Det er stor skilnad på dei ulike barnehagane. Nokre kjem ut med eit brukbart overskot, medan andre slit med underskot. Grunnen til det dårlege resultatet i fleire barnehagar skuldast store vikarutgifter. Fleire barnehagar slit og med underskot frå tidlegare år som dei dreg med seg. Sjølv om avdelingane har fått dekka kr 300 000 frå etaten som kompensasjon for manglande refusjon, så har barnehagesjefen tildelt ytterlegare kr 400 000 til dei som kom dårlegast ut.

Sørhellet barnehage – opna i 2007



Kommunalsjef grunnskule

Ein del av rammetillegget som etaten fekk tildelt, vart nytta til elevar/fosterheimsbarn i andre kommunar. Den største utgiftsauken er knytta til elevar ved Møllehagen og elevar ved private skular som er tildelt spesialundervisning. Det har og vore ekstra store utgifter til skyss, husleige, vikarutgifter og manglande refusjon på framandspråklege elevar. For å koma i balanse er disposisjonsfondet nytta.

Skulane

Skulane totalt går om lag i balanse med mindre avvik, total forbruksprosent er 99,98%. Også her finn me både meirinntekter og meirutgifter. Meirinntektene finn me på foreldrebetaling SFO, kompetansemidlar, refusjon sjukeløn og refusjon frå andre kommunar. Meirutgiftene er hovudsakleg kjøp av lærebøker til elevar. Skulane har fått inn meir inntekter på sjukeløn enn faktiske vikarutgifter, dette skuldast store problem med å få fatt i vikarar. Den største utgiftsposten på skulane - fastløn til lærarar og assistentar – stemmer godt overeins med utlagt budsjett.

Budsjett disiplinen ved skulane er god, men sjølv om dei har fått tildelt ekstra tillegg til rammene i 1. og 2. tertial, så er tilbakemeldingane klare på at rammene er for snaue.

Vaksenopplæring

Her ligg tenestemråde for vaksenopplæring i grunnskulen og vaksenopplæring for utlendingar. Eit mindre underskot på denne tenesten skuldast at det har starta 2 vaksne elevar

i grunnskulen/vaksenopplæring som det ikkje er teke høgd for i budsjettet. Vaksenopplæring for flyktingar blir gitt i Time kommune og vert dekkja av flyktingefondet.

Nøkkeltal

Samla har etaten i 2007/08 hatt desse **brukarane** samanlikna med tidlegare år:

| Tiltak | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|----------------------|---------|---------|---------|---------|
| Barnehageplassar | 790 | 841 | 851 | 958 |
| Elevar/grunnskulen | 2545 | 2632 | 2630 | 2654 |
| Skulefritidsordninga | 395 | 446 | 418 | 501 |

| | | | | |
|-----------------------------------|------|------|------|------|
| Spesialunderv. etter enkeltvedtak | 121 | 70 | 55 | 77 |
| I % skulen | 4,8% | 2,7% | 2,1% | 2,9% |
| I % førskulealder | | | | 1,4% |

Det er stor overvekt av gutar som får spesialundervisning. I førskulealder er det 6 jenter og 10 gutar. I skulen er det 54 gutar og 23 jenter. 28 elevar er i 1-4 trinn, 23 elevar i 5-7 og 26 i 8-10 trinn. Tenkinga om tidleg hjelp tilseier at det må bli ei forskyving her mot at det blir gitt mest hjelp dei første åra.

| Tiltak | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|-------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Fosterheimsborn i andre komm. | 13 | 13 | 14 | 14 |
| I private skular | 27 | 28 | 25 | 44 |
| Skyss inkl. "farleg skuleveg" | 220 | 269 | 257 | 249 |

| | | | | |
|-------------------------|----|----|----|----|
| Særskilt norskopplæring | 66 | 69 | 90 | 98 |
| Morsmålsopplæring | 44 | 49 | 70 | 79 |
| Antal morsmål | 12 | 15 | 14 | 16 |

| | | | | |
|--------------------------------|----|----|----|----|
| Vaksenopplæringa spes.uv. | 3 | 3 | 3 | 1 |
| Norskopplæring for flyktn/innv | 45 | 48 | 50 | 63 |
| Grunnskuleoppl. for vaksne | 13 | 15 | 15 | 10 |

| Framandspråk 8. trinn | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|-------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Tysk | 94 | 67 | 46 | 68 |
| Fransk | 39 | 24 | 21 | 19 |
| Spansk | - | 185 | 136 | 130 |
| Fordjupning i engelsk | - | - | 33 | 55 |
| Forsjupning i norsk | - | - | 3 | 4 |
| Språkleg fordjupning | 75 | - | - | - |
| Praktisk prosjektarbeid | 36 | - | - | - |

| Kulturskulen | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 | Venteliste |
|----------------------|---------|---------|---------|---------|------------|
| Elevplassar: | 489 | 462 | 529 | 517 | 81 |
| - Musikkundervisning | | | 393 | 402 | |
| - Visuelle kunstfag | | | 33 | 20 | |
| - Teater | | | 22 | 22 | |
| - Dans | | | 81 | 73 | |

| Kjønnsfordeling - skulen | 2004/05 | % | 2005/06 | % | 2006/07 | % | 2007/08 | % |
|---------------------------------|----------------|----------|----------------|----------|----------------|----------|----------------|----------|
| Gutar | 1347 | 52,9 | 1374 | 52,2 | 1371 | 52,1 | 1386 | 52,2 |
| Jenter | 1198 | 47,1 | 1258 | 47,8 | 1259 | 47,9 | 1268 | 47,8 |

| Bibliotek | Skulebiblioteka – elevar | | | | Folkebiblioteket - barn | | | |
|------------------------------|---------------------------------|-------------|-------------|-------------|--------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
| Utlån pr .barn Klepp | 16,7 | 18,3 | 19,0 | 20,4 | 14,8 | 17,3 | 19,8 | 30,4 |
| Utlån Rogaland gj.snitt | 11,8 | 15,1 | 15,1 | 16,0 | 12,6 | 13,0 | 13,9 | 20,4 |
| Utlån plassering Rogaland | 8. | 7. | 5. | 5. | 12. | 11. | 9. | 7. |
| Tilvekst plassering Rogaland | 24. | 5. | 23. | 21. | | | | |

Denne gode utviklinga på lesemengda for borna i Klepp på ved lån frå skulebiblioteka og frå folkebiblioteket er svært positivt for leseopplæringa i Klepp.

Utviklinga av vaksendekkinga i Klepp (elevar pr. lærarstilling og pr. assistent/miljøarbeidar).

Oppsettet hentar tala frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem) og er altså dei faktiske tala skulane rapporterer pr 01.10.

| Skuleår | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Elevtal | 2545 | 2632 | 2630 | 2654 |
| Lærarårsverk | 189,7 | 194,8 | 200,4 | 208,4 |
| Elevar pr. lærarårsverk | 13,4 | 13,5 | 13,1 | 12,7 |
| Fylkesgjennomsnitt | 12,3 | 12,1 | 12,0 | 12,0 |
| Plassering i Rogaland | 27 (sist) | 27 (sist) | 25 av 26 | 24 av 26 |
| Ass/miljøarb.årsv. | 23,2 | 27,5 | 24,8 | 24,7 |
| Elevar pr. ass/miljø.årsv | 109,6 | 95,6 | 106,0 | 107,4 |
| Fylkesgjennomsnitt | 119,1 | 104,4 | 101,7 | 87,8 |
| Plassering i Rogaland | 15 | 12 | 14 | 20 |

Utviklinga når det gjeld **nynorsk og bokmål** i kommunen har vore slik:

| | | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|---------|--------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Nynorsk | Elevar | 1793 | 1840 | 1811 | 1806 |
| | % | 70,4 | 70,0 | 68,9 | 68,1 |
| Bokmål | Elevar | 752 | 792 | 819 | 848 |
| | % | 29,6 | 30,0 | 31,1 | 31,9 |

Datamaskinar

Talet på datamaskiner til undervisningsfremål, slik dei er rapporterte av skulane i GSI dei siste åra:

| Skuleår | 2004/05 | 2005/06 | 2006/07 | 2007/08 |
|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Elevmaskinar | 388 | 474 | 574 | 636 |
| Elevar pr.maskin | 6,5 | 5,5 | 4,5 | 4,1 |

Fylkesgjennomsnittet i tal på elevar pr. datamaskin er 3,96.

LÆRINGSRESULTAT

Lesedugleik på 2., 7. og 9. årssteg

Prøvene er obligatoriske på 2. årssteget. For 7. og 9. årssteget er prøvene nå frivillige nasjonalt, men inntil vidare pålagde i Klepp.

Prøvene vart i si tid laga for å fanga opp elevar som har så store vanskar med lesinga at dei må vurderast nærare for ekstra oppfølging (kritisk grense). Dei er standardiserte på at 20 % av elevane har vanskar med slike oppgåver. Prøvene viser altså i utgangspunktet berre kven som bør sjekkast for lesevanskar og ikkje kor dyktige lesarar dei er.

Samleoversyn – utvikling:

| SKULEÅR | Gjennomsnitt prosent på delprøvar under kritisk grense 2. årssteg | Gjennomsnitt prosent på delprøvar under kritisk grense 7. årssteg | Gjennomsnitt prosent på delprøvar under kritisk grense 9. årssteg |
|---------|-------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|
| 2000/01 | 22,7 | Ikkje registrert | |
| 2001/02 | 16,8 | Ikkje registrert | |
| 2002/03 | 18,1 | 24,3 | |
| 2003/04 | 11,2 | 23,6 | |
| 2004/05 | 8,6 | 20,3 | Nytt i 2005 |
| 2005/06 | 7,3 | 26,4 | 28,0 |
| 2006/07 | 5,2 | 23,4 | 25,3 |
| 2007/08 | Ikkje klar før juni-08 | 21,9 | 25,6 |

Tabellane syner at elevane i Klepp på 2. årssteget har hatt ei svært god utvikling av lesedugleiken gjennom åra. Diverre viser ikkje utviklinga på 7. og 9. steget same raske forbetringa, sjølv om det også her synest å gå rette vegen. For å få til ei endå betre utvikling oppover i årstrinna, har etatskontoret og skulane lagt opp at språk og lesing skal vera hovudsatsingsområde. Dette skal syna att i kompetanseplanen.

Karakterar m.m.

Målsetjinga for skulen i Klepp er at elevane skal ha karakterar og resultat elles som ligg på eller over middels. (Karakterskalaen går frå 1 t.o.m. 6, med 6 som beste karakter.) Når det gjeld eksamensresultata, vil ein peika på at resultata frå Klepp bygger på svært lite elevgrunnlag, ned mot 10 elevar i enkelte munnlege fag. Desse resultata viser derfor større svingningar enn standpunkt-karakteren frå år til år, både internt i Klepp og i høve til fylket. På ungdomstrinnet får elevane 2 typar karakterar:

Standpunkt-karakteren viser kor eleven står i høve til dei oppsette måla. Dette er ein karakter som byggjer på eleven sitt arbeid og innsats gjennom skuletida.

Eksamens-karakteren (skriftleg og/eller munnleg) viser kva kunnskapar / dugleikar eleven klarer å dokumentera i ein spesiell situasjon.

Elevundersøkinga (som før heitte Elevinspektørane) fortel korleis eleven sjølv opplever skuledagen sin.

Oversyn:

Standpunkt-karakterar:

| | Klepp | | | Roga-land |
|----------------|---------|---------|---------|-----------|
| | 04 / 05 | 05 / 06 | 06 / 07 | 05 / 06 |
| Norsk hovudmål | 3,5 | 3,6 | 3,7 | 3,8 |

| | | | | |
|-------------------|-----|-----|-----|-----|
| Norsk sidemål | 3,5 | 3,6 | 3,6 | 3,7 |
| Norsk munnleg | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 4,0 |
| Engelsk skriftleg | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,8 |
| Engelsk munnleg | 3,6 | 3,8 | 3,7 | 4,0 |
| Matematikk | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,4 |

Eksamensresultat:

| | Klepp | | | Roga-land |
|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Munnleg: | 04 / 05 | 05 / 06 | 06 / 07 | 05 / 06 |
| Krl | 3,8 | 4,2 | 4,3 | 4,2 |
| Samf.fag | 4,4 | 3,5 | 4,0 | 4,2 |
| Naturfag | 4,2 | 3,9 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk | 4,4 | 4,0 | 3,9 | 4,3 |
| Engelsk | 4,3 | 3,9 | 4,3 | 3,9 |
| Matematikk | 3,6 | 3,4 | 4,1 | 4,0 |

| Fag (skriftleg) | Klepp | | | Roga-land |
|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Skriftleg | 04 / 05 | 05 / 06 | 06 / 07 | 05 / 06 |
| Norsk hovudmål | 3,4 | 3,0 | 3,3 | 3,6 |
| Norsk sidemål | 3,4 | 3,2 | 3,4 | 3,3 |
| Engelsk | 3,7 | 3,3 | 3,6 | 3,6 |
| Matematikk | 2,5 | 2,8 | 3,2 | 3,2 |

Eksamensresultata syner framgang. Klepp ligg jamt over på snittet i 2007. Tala for Rogaland er ikkje klar, men det er ikkje grunn til å tru at det blir store endringar.

Nasjonale prøver - 5. trinn hausten 2007

| | Deltatt %: | Fritatt %: | Ikke deltatt % | Mestr nivå 1 | Mestr nivå 2 | Mestr nivå 3 |
|-----------------------|-------------|------------|----------------|--------------|--------------|--------------|
| <i>Engelsk lesing</i> | | | | | | |
| Klepp | 98,9 | 1,1 | 0,0 | 35,8 | 42,1 | 22,1 |
| Rogaland | 98,3 | 1,2 | 0,5 | 26,4 | 48,2 | 25,4 |
| Heile landet | 98,1 | 1,5 | 0,4 | 27,5 | 47,5 | 25,0 |
| <i>Lesing</i> | | | | | | |
| Klepp | 97,5 | 1,1 | 1,5 | 35,1 | 47,4 | 17,5 |
| Rogaland | 97,4 | 1,7 | 0,9 | 26,7 | 50,1 | 23,2 |
| Heile landet | 96,9 | 2,2 | 0,9 | 26,5 | 50,1 | 23,4 |
| <i>Rekning</i> | | | | | | |
| Klepp | 97,1 | 1,8 | 1,1 | 27,3 | 52,8 | 19,9 |
| Rogaland | 97,8 | 1,7 | 0,5 | 24,1 | 48,4 | 27,5 |
| Heile landet | 97,0 | 2,0 | 1,0 | 26,6 | 47,2 | 26,2 |

Nasjonale prøver - 8. trinn hausten 2007

| | Deltatt %: | Fritatt %: | Ikke deltatt % | Mestr nivå 1 | Mestr nivå 2 | Mestr nivå 3 | Mestr nivå 4 | Mestr nivå 5 |
|-----------------------|-------------|------------|----------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <i>Engelsk lesing</i> | | | | | | | | |
| Klepp | 98,5 | 1,5 | 0,0 | 10,7 | 21,4 | 46,6 | 13,7 | 7,6 |
| Rogaland | 99,4 | 0,4 | 0,1 | 7,0 | 17,9 | 46,0 | 20,7 | 8,3 |
| Heile landet | 98,9 | 0,7 | 0,5 | 8,4 | 19,5 | 43,4 | 20,9 | 7,8 |
| <i>Lesing</i> | | | | | | | | |
| Klepp | 95,9 | 3,7 | 0,4 | 10,2 | 20,3 | 42,6 | 16,0 | 10,9 |
| Rogaland | 97,8 | 1,0 | 1,2 | 8,0 | 18,2 | 41,4 | 20,4 | 11,9 |
| Heile landet | 97,3 | 1,3 | 1,4 | 7,4 | 17,5 | 41,3 | 21,0 | 12,8 |
| <i>Matematikk</i> | | | | | | | | |
| Klepp | 95,2 | 2,2 | 2,6 | 4,6 | 15,8 | 50,4 | 17,7 | 11,5 |
| Rogaland | 97,8 | 0,9 | 1,3 | 5,7 | 17,5 | 44,1 | 21,3 | 11,5 |
| Heile landet | 97,0 | 1,2 | 1,8 | 6,7 | 18,9 | 43,2 | 20,4 | 10,8 |

Elevundersøkinga. (Skala: Frå 06/07 er 5 best, bortsett frå mobbing, der 1 er best)


| År | Klepp | | | | | | Rogaland | | | | | |
|-------------------|---------|--------|---------|--------|---------|--------|----------|--------|---------|--------|---------|--------|
| | 04 / 05 | | 05 / 06 | | 06 / 07 | | 04 / 05 | | 05 / 06 | | 06 / 07 | |
| Emne | 7.tr. | 10.tr. | 7.tr. | 10.tr. | 7.tr. | 10.tr. | 7.tr. | 10.tr. | 7.tr. | 10.tr. | 7.tr. | 10.tr. |
| Trivsel | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,7 | 4,2 | 4,0 | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 4,3 | 4,1 |
| Elevmotivasjon | 3,1 | 2,9 | 3,1 | 3,0 | 4,2 | 3,1 | 3,1 | 3,0 | 3,2 | 3,1 | 4,2 | 3,7 |
| Arbeidsmiljø | 2,8 | 2,6 | 2,6 | 2,7 | 3,2 | 2,6 | 2,8 | 2,6 | 2,8 | 2,6 | 3,2 | 2,7 |
| Mobbing | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,9 | 1,5 | 1,4 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 1,4 | 1,4 |
| Elevmedverknad | 2,0 | 1,9 | 1,8 | 1,8 | 3,8 | 3,1 | 2,1 | 2,0 | 1,9 | 1,9 | 3,7 | 3,2 |
| Fagleg rettleiing | | | | | 3,6 | 3,1 | | | | | 3,5 | 3,2 |

Klepp ligg her på Rogalands- og landsgjennomsnitt. Det er avvik på eit punkt. Dette gjeld elevmotivasjon på 10. trinnet, som er dårlegare i Klepp.

Dekningsgraden for barnehagane har hatt slik utvikling:

(Inkl. dei private barnehagane, og open barnehage. Tilsvarende tal i barnehagebruksplanen er utan barn i opene barnehagar)

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|--------|------|------|------|------|
| 1-3 år | 41% | 42% | 60% | 64 % |
| 3-6 år | 86% | 87% | 95% | 96 % |
| Sum | 69% | 70% | 84 % | 89 % |



OSTRA-TAL

| UTVALGTE KOSTRATAL FOR SKULE OG BARNEHAGE | 1120 Klepp 2005 | 1120 Klepp 2006 | 1120 Klepp 2007 | 1121 Time 2007 | 1119 Hå 2007 | Gj.snitt kommune gruppe 07 2007 | Gj.snitt landet utenom Oslo 2007 |
|----------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-------------------|-----------------|------------------------------------------|----------------------------------------------|
| Kostratal grunnskule og barnehage 2007 | | | | | | | |
| Prioritering | | | | | | | |
| <i>Netto driftsutgifter grunnskoleopplæring i prosent av samlede netto driftsutg</i> | 39,9 | 40,2 | 40 | 37,1 | 34 | 36,4 | 31,2 |
| Dekningsgrader | | | | | | | |
| <i>Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år</i> | 96,9 | 98 | 97,5 | 98,4 | 94,9 | 97,2 | 98 |
| <i>Andel elever i grunnskolen som får skoleskyss, prosent</i> | 10,3 | 10 | 9,9 | 7,9 | 13,7 | 22,9 | 24,1 |
| <i>Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO, prosent</i> | 38,7 | 38,7 | 46,3 | 37,9 | 41,3 | 59 | 58 |
| Produktivitet / enhetskostnader | | | | | | | |
| <i>Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, per elev</i> | 56859 | 60124 | 66661 | 74448 | 68277 | 68903 | 73487 |
| <i>Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskolen</i> | 1002 | 799 | 1030 | 616 | 333 | 692 | 878 |
| <i>Driftsutgifter til undervisningsmaterieill, per elev i grunnskolen</i> | 1358 | 1349 | 2302 | 1663 | 2037 | 1653 | 1807 |
| <i>Elever per årsverk</i> | 11,8 | 11,7 | 11,4 | 11,2 | 11,2 | 11,3 | 10,6 |
| <i>Herav elever per undervisningsrelatert årsverk</i> | 13,5 | 13,1 | 12,7 | 12,5 | 12,5 | 12,9 | 12,1 |
| <i>Brutto driftsutgifter til skolefritidsordning, per komm. og priv. bruker</i> | 16988 | 17658 | 17997 | 20098 | 10769 | 20552 | 20636 |
| <i>Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker</i> | 5721 | 6107 | 8046 | 9982 | 14289 | 11144 | 11794 |
| Kostratal barnehage 2007 | | | | | | | |
| Prioritering | | | | | | | |
| <i>Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutg.</i> | 3 | 3,5 | 3,9 | 1,9 | 2,2 | 2 | 2,3 |
| Dekningsgrader | | | | | | | |
| <i>Andel barn 1-5 år med barnehageplass</i> | 67,9 | 74 | 78,3 | 86,5 | 71,7 | 85,5 | 84,7 |
| <i>Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år</i> | 37,4 | 52,3 | 61,8 | 69,1 | 46,3 | 71 | 69,6 |
| <i>Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år</i> | 87,3 | 87,3 | 90,1 | 97,8 | 88,5 | 94,8 | 94,7 |
| <i>Andel barn i barnehage med oppholdstid 32 timer eller mindre per uke</i> | 40,5 | 34,2 | 27,3 | 16,7 | 29,8 | 12,7 | 15,2 |
| Produktivitet | | | | | | | |
| <i>Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage</i> | 81142 | 92949 | 100495 | 125679 | 95947 | 110731 | 111179 |
| <i>Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korr. Opp.holdstime/kr</i> | 37 | 40 | 38 | 44 | 38 | 39 | 40 |
| <i>Oppholdsbetaling</i> | 27,2 | 20,5 | 19 | 18,7 | 21,8 | 19,8 | 18,9 |



RV 44 v/Braut

ETAT FOR HELSE OG SOSIAL



Fredheim

HOVUDPUNKT:

- **Oppstart av prosjektet "Bu trygt, bu godt" (buprojekt for vanskelegstilte) kom i gang våren 2007. Prosjektet har to hovudfunksjonar, dvs. gje praktisk bistand knytt til det å skaffa bustad og burettleing til bebuaren.**
- **Etablering av prosjektet Arbeidssentral, eit prosjekt mellom NAV og Klepp kommune. 14 personar har fått arbeid gjennom prosjektet som starta i 2007.**
- **Oppstart av nattlegevakt på Sandnes**
- **Oppstart Grønt Arbeid på Øksnavad vidaregåande skule**
- **Prosjekt "Trø te" (fysisk aktivitet i skulen) er sett i gang**
- **Dataprogrammet Sampro (*) er innført (*) Eit internettbasert program for rettleing av brukarar som ønskjer ein individuell plan (IP) med samordning av alle tenester brukaren treng.**
- **Plan for krisepsykiatrisk innsats er vedtatt**
- **Deltakarar i pilotprosjekt ved SUS vedr. hospitering for sjukepleiarar er sett i verk**

| Fokusområde: INNBYGGJARAR | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Klepp kommune skal leggje til rette for at alle kan ta ansvar for eiga helse | <ul style="list-style-type: none"> Legg vekt på at tilbodet til dei som treng det skal vera retta mot dei måla den einsskilde har for eige liv. Heimesjukepleien vurderer evt. fallgruver ved heimebesøk hjå personer over 70 år. Ulykkesforebyggjande arbeid mot eldre, ungdom og utsette arenaer/ Trygge lokalsamfunn Helseinformasjon og rettleiing retta mot born, unge og foreldre. Universell Utforming, fellesprosjekt Klepp og Time. Reisevaksinerer med auke i konsultasjonar frå 752 - 1153 |
| <ul style="list-style-type: none"> Klepp kommune skal oppdage og tilby dei som har det vanskeleg (helsemessig, sosialt og økonomisk) gode livsvilkår | <ul style="list-style-type: none"> Opne fastlegelister med leger av begge kjønn. Ny legeheimel på Orstad. 12 personer på venteliste til omsorgsbustad. Sosialtenesta gir råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, støtte til livsopphald og bustad, bistand til brukarar i kontakt med NAV-arbeid og trygd og tiltak overfor rusmisbrukarar Talet på brukarar av sosialtenesta i Klepp kommune i 2007, var 210. Det er en nedgang på 34 brukarar samanlikna med 2006. Arbeidstilbodet "Snu i døra" har vore nytta i mindre grad samanlikna med 2006. Sosialtenesta har derfor tilbydd eldre personer enn målgruppe på 18-25 år til å delta da ein ønsker å utnytte kapasiteten best mogleg. Fra 01.04.07 innførte Klepp kommune statens rettleiande satsar for sosialhjelp. Fordelen med statens satsar er at dei jamt vert regulert og at satsane på sikt vil bli like over heile landet. |
| <ul style="list-style-type: none"> Klepp kommune har tilbod om individuell plan til dei som har rett på og ønske om det | <ul style="list-style-type: none"> Sampro ble tatt i bruk i 2007. Utarbeider individuell plan i samarbeid med dei som har krav på det og som ønsker det. Totalt 79 individuelle planar (IP). Pr. i dag er 52 planar innskriven i SamPro. |
| <ul style="list-style-type: none"> I Klepp skal innbyggjarane kunne bu heime så lenge som råd og greie seg sjølv | <ul style="list-style-type: none"> Heimesjukepleie, kreftsjukepleiar og fastlege legg til rette for at kreftsjuke som ønskjer det kan få dø heime. Manglande ergoterapeutstillingar er til hinder for betre tilrettelegging i heimen. Buretleiing (Bu trygt – bu godt) er i gang. |
| <ul style="list-style-type: none"> Samla rehabiliterings-tilbodet (eigen eining i "nye Kleppetunet") | <ul style="list-style-type: none"> Betre rutiner og auka satsing på rehabiliteringsopphald i sjukeheimen Forsiktig oppbygging av eining for rehabilitering i Kleppheimen Kleppetunet II er under planlegging. |
| <ul style="list-style-type: none"> Førebyggje sjukdom og sosiale problem | <ul style="list-style-type: none"> Kurs i meistring av depresjonar (KID). To kurs vart arrangerte, eitt vår og eitt haust. Bruk av treningskontaktar, eit tilbod utvikla gjennom prosjekt Enkelt og greitt i lag Auka satsing på smittevern med utviding av helsesystem stilling Nybygg og endring av skular og barnehagar blir godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i skulen og barnehagen (Mange nye saker i 2007) Treningsstativ i friluftsområde er på plass |

| | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Sanering og utbetring av eksisterande anlegg i samsvar med vedteken prioriteringsliste | <p>Kvaliteten på drikkevatnet blir kontrollert etter program for prøvetaking. I Kleppeområdet er det skifta ut avløpsleidningar over idrettsbanen for å hindra lekkasje mot Kleppekanalen. Eit større registreringsarbeid på hovudkloakken mellom Grude og Verdalen har starta opp.</p> <p>Gjennomføring av tiltak skal innarbeidast i hovudplanen.</p> |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Status og vurdering av stoda

Ulike anlegg der barn og unge kan driva med fysisk aktivitet og andre kulturaktivitetar er viktige møteplassar i nærmiljøet og legg til rette for eit godt oppvekstmiljø.

Ved Boreskulane blei det i august opna ny kunstgrasbane, sandvolleyballbane og ein ny, utvida ballbinge. Utbyggjar har vore Voll IL i samarbeid med Klepp kommune. Orre IL har opna tilbygget til Orrehallen og Klepp IL har opna nytt garderobebygg/tribune. Orstad IL/Orstad grendahus har saman utarbeidd planar for og levert søknad om midlar til OrstadHuset.

| | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------|------|---------------------------------|-------|----------|
| Axis | - | 7803 <i>(frå start 23. aug)</i> | 13924 | 10844 |
| Kjelleren | 2492 | 2625 | 2065 | 1000 (*) |

* ½ år

Drift av ungdomskultursenteret Axis har vore ein suksess med høg aktivitet og variert tilbod. Besøktala har stabilisert seg i løpet av 2007. Trass i auka deltidsressursar slit ein med bemanningssituasjonen. Ein del ungdomar har behov for særleg oppfølging. Dette har medført høg arbeidsbelastning på få tilsette, særleg på leiar. Det er behov for å vurdere aktivitetsnivået og dei sosialpedagogiske utfordringane i forhold til bemanningssituasjon og andre ressursar.

Kjelleren fritidsklubb har vore mellombels ute av drift hausten 2007 pga mangel på tilsette/kvalifiserte søkjarar. Drifta ved Mekkesenteret er innstilt og personalressursen omdisponert til Axix. Småjobbsentralen har hatt full drift i 2007.

Klepphallen

Besøket i Klepphallen under offentleg bading har vore totalt 24880. Det er det høgaste besøksalet dei åra hallen har vore i drift.

I idrettshallen er kapasiteten heilt sprengt både på dag- og kveldstid til trening og kampavvikling. Idrettslaga får på langt nær den treningstida i idrettshallen som dei ønskjer.

Arrangement

Fritidsavdelinga har gjennomført 13 fullmånkveldar, 6 sommarkonsertar og nokre kurs og kveldskonferansar. Fullmånkveldane har jamt over hatt svært god oppslutnad. Fritidsavdelinga har ikkje arrangert ferieklubb for barn i 2007 pga personalmangel.

Klepp bibliotek

Besøket i biblioteket var om lag 67 300. Samla utlån var 130 668 og 8.6 utlån pr innbyggjar. Utlån av bøker for vaksne har gått litt ned. Utlånet for barn har auka. Det er auke i utlån av lydbøker og andre media.

Ei brukarundersøking viser at brukarane er svært godt nøgde med tilbod og service i biblioteket.

Biblioteket har hatt 6 arrangement for barn med ca 350 frammøtte. Det er lånt ut 101 bokkassar til skulane. 28 skuleklassar har besøkt biblioteket og fått brukarorientering og litteraturformidling.

Alle barn får tilbod om ei bok ved 2 ½ års kontrollen.

Det er innført bruk av SMS for utsending av meldingar til publikum.

Biblioteket blei eit "Bok til alle" – bibliotek på slutten av året, og har byrja å rekruttera leseombod og byggja opp ei samling med tilrettelagt litteratur.

Frivillighetssentralen

Frivillighetssentralen hadde 227 frivillige hjelparar og 319 brukarar i 2007.

Talet på ulønna arbeid i frivillighetssentralen er 6,5 årsverk.

Aktiviteten i Frivillighetssentralen er stabilt høg. Aktiviteten er i stadig utvikling.

Tiltak for funksjonshemma

Det er 180 registrerte brukarar av fritidstiltak for funksjonshemma og 53 brukarar av ferietenester. Det blir arrangert ulike kategoriar av fritidstiltak/arrangement og aktivitetsgrupper for barn og unge. Det er samarbeid med nabokommunane om drift av Humla fritidsklubb for utviklingshemma.

Friområde/leikeplassar/turstiar

I samband med utbygginga av dei nye bustadfelta på Kjøpmannsbrotet, Sørhellet, Kvednadalen, Kleppestemmen og på Tu er det laga 17 nye leikeplassar som er eller skal takast over av Klepp kommune.

Tettare utbygging i sentrumsnære område medfører at ein må leggja stor vekt på tilrettelegging av trivselfremjande tiltak som uteareal, grøne lunger og andre møteplassar. Det store, nye grøntdraget på Kleppestemmen med ballplass og moglegheiter for leik er eit godt døme. Behovet for grøne møteplassar er òg vektlagt i planlegginga av grøntdraget gjennom Skulehagen frå Kleppekrossen mot Klepp kyrkje. Det blei ikkje opparbeidd nye turstiar i fjor.

Utfordringar framover:

- Vidareutvikla ungdomskultursenteret Axis og andre ungdomstiltak
Vurdera aktivitetsnivå og bemanning
- Avklare opplegg for eventuell vidareføring av SPOR
- Vidareføre arbeidet med å tilretteleggje turstiar og grøntdrag i samsvar med overordna plan for grøntstruktur.
- Vidareutvikla tilbodet på biblioteket med særleg fokus på barn.

| Fokusområde: MEDARBEIDARAR | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> • Individuelle planar for medarbeidarar i nøkkelposisjonar som fortel om forventningar til resultat, kompetanseheving og samhandling mellom næraste leiar og den enkelte tilsette. | Temaet har vore diskutert i medarbeidarsamtalar, men systematisk arbeid er ikkje sett i gang. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Større handlingsrom i eigen etat for lønsfastsetjing/justering ut frå oppnådde resultat og situasjonen på arbeidsmarknaden i distriktet. | Etaten har i større grad kunna gjera ei løpande vurdering av lønsplassering i forhold til arbeidsmarknaden og lønnsutviklinga elles i samfunnet. I periodar har det vore vanskeleg å rekruttere gode medarbeidarar, mykje på grunn av avgrensa budsjett-rammer. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Etablera uformelle møteplassar i og utanfor arbeidstida | Sommartreff og julebord har vore gode sosiale treffstader. Alle tilsette har fått tilbod om gratis billett til ein Fullmånekonserert. Elles deltek medarbeidarane i aktivitetar og trening som er felles for heile kommunen. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Utnytte dataverktøy på ein betre måte | Dagleg rettleiing er mykje brukt. I tillegg har det vore gjennomført interne opplæringstilbod for nytt arkivsystem, byggsøk mv. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Dei tilsette skal ha tilbod om bistand til å møte ein uoversiktleg kvardag | Etaten har arbeidd mykje med å få på plass rutinar på ulike område, til dømes kommunale gebyr. Me har og gjort endringar i fordeling av arbeidsoppgåver mellom einskilde tilsette på nytt. |

Status og vurdering av stoda

Etat for lokal utvikling har ein god og stabil arbeidsstokk innan dei fleste arbeidsfelt. Trass i ein stram arbeidsmarknad har vi klart å halda ei tilfredsstillande bemanning på dei fleste områdene, men i periodar har stillingar stått utan tilsette. Dette er ekstra påkjenning for dei som må ta ekstra oppgåver, og går deretter ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. For tida er det vanskeleg å få tak i kvalifiserte tilsette til mange typar stillingar, særleg gjeld dette stillingar som inneber stor grad av kvelds- og helgearbeid og stillingar med spesielle krav til teknisk utdanning.

Utfordringar framover

Drifta av Kjelleren fritidsklubb har vore stansa det siste halve året grunna manglande bemanning. Det kan vera ei krevjande oppgåve å starte opp klubbdrifta på nytt med nytt mannskap.

Den største utfordringa er å sikre eit positivt og triveleg arbeidsmiljø slik at vi i stor grad får behalde nåverande medarbeidarar. Dette inneber og at det må førast ein aktiv seniorpolitikk.

Det meste av rammevilkåra for tilsette i etaten vil vera felles med resten av kommunen, men etaten kan gi viktige bidrag gjennom eit godt arbeidsmiljø og gjennom bygging av eit positivt omdømme.

| | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Fokusområde: ØKONOMI | |
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> • Synleggjera samanhengen mellom nyanlegg og behov for driftsmidlar | Det er brukt normtal frå privat sektor for å synleggjere behovet for vedlikehald av bygg. Det er ikkje gitt rammeauke for å dekkja opp at bygningsmassen blir større og eldre. Klepp kommune løyver langt mindre enn normtala til vedlikehald. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetsikra rutinane for større innkjøp, slik at vi har gode og effektive rutinar. | I 2006 vart det innført protokollføring i samband med større innkjøp. Arbeidet er ført vidare i 2007, men rutinen kan betrast. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Auka gebyrnivået innan byggesak og oppmåling til 90% av sjølvkost. | For 2007 har vi berekna sjølvkost på byggesak til 74 % og på oppmåling til 92 %. Vi har dermed noko igjen før målet innan byggesak er oppnådd. For 2008 er det vedteke auke med 10 % på gebyr for byggesak og oppmåling. |

Status og vurdering av stoda

Rekneskapsresultatet for etaten viser følgjande:

| Lokal utvikling Beløp i 1000 kr | Rekneskap 2005 | Rekneskap 2006 | Rekneskap 2007 | Budsjett 2007 |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|
| Brutto utgifter | 83 532 | 88 289 | 103 980 | 84 263 |
| Brutto inntekter | -41 646 | -44 537 | -50 081 | -29 240 |
| Netto driftsutgifter | 41 886 | 43 752 | 53 899 | 55 023 |
| Meir (-)/mindreforbruk | 2 488 | 1 718 | 1 124 | |

(Ekskl. avsetning til disp.fond)

Samla netto budsjetttramme for 2007 var kr 55 023 000. Frå tabellen ser vi at etaten samla har eit mindreforbruk på kr 1 124 000. Av dette er kr 293 000 tilført etaten sitt disposisjonsfond. Resten av innsparinga i lokal utvikling i 2007 er gått med til å dekke overskridingar på fellesutgifter i kommunen.

I 2007 har det blitt løyvd i overkant av 1,9 millionar frå disposisjonsfondet til ulike føremål. Ein stor del av desse midlane har gått til tribune- og garderobeanlegg på Klepp stadion og til ombygging på alderspensjonatet. Etter at rekneskapen for 2007 er avslutta er det kr 465 000 på disposisjonsfondet til LU.

Rekneskapen for 2007 viser at brutto inntekter og utgifter er høgare enn budsjettert. Den viktigaste årsaka rekneskapsteknisk er knytt til at fordeling av reinhaldsutgiftene på tenestestadene ikkje har vore budsjettert (8 mill). Vidare er ikkje vedtaka om bruk av overskot frå 2006 følgt opp med budsjettendingar (3,5 mill).

Utfordringar framover:

- Vedlikehaldet av kommunale bygg og eigedomar må forbetrast. Det er ei stor utfordring å finna midlar til dette.
- Innan dei fleste arbeidsfeltet er det rom for forbetring av arbeidsrutinar. Samstundes er det viktig å halde fast ved servicegraden og rom for individuelle vurderingar.

| Fokusområde: SAMFUNN/MILJØ | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| HANDLINGSMÅL | M Å L O P P N Å I N G |
| <ul style="list-style-type: none"> Ingen avbrot i vassforsyninga til abonnentar (ut over 10 min) som ikkje er planlagde og varsla | I løpet av året har det ikkje vore avbrot i vassforsyninga over 10 min. |
| <ul style="list-style-type: none"> Sanering og utbetring av eksisterande anlegg i samsvar med vedteken prioriteringslista | Kvaliteten på drikkevandet blir kontrollert etter program for prøvetaking. I Kleppeområdet er det skifta ut avløpsleidningar over idrettsbanen for å hindre lekkasje mot Kleppekanalen. Det er starta eit større registreringsarbeid på hovudkloakken mellom Grude og Verdalen. Gjennomføring av tiltak skal innarbeidast i hovudplanen. |
| <ul style="list-style-type: none"> Beredskapsplan ved avvik | Planen ligg føre, og tiltak for forbetringar blir vurdert løpande |
| <ul style="list-style-type: none"> 5% av tilskota til dei frivillige organisasjonane skal nyttast til nye uttrykksformer/tiltak | Eit stimulerande kultur- og fritidstilbod har byggjande effekt og gjer kommunen attraktiv å bu i. Lag og organisasjonar ei viktig rolle for å medverka til eit godt oppvekstmiljø. Tilskota til drift av lag og organisasjonane har auka med om lag 2 % i gjennomsnitt frå 2006 til 2007. Det blei utbetalt kr. 5.471 000 i tilskot til nyanlegg i 2007. Dette er ein auke på 28 % frå 2006. Dei største beløpa blei utbetalt til Klepp IL/ Klebe SK (gras- og grusbane), Klepp IL (garderobe/tribune), Orstad IL (kunstgrasbane m/lys), bedehuset Betania og Jærmuseet. Det er ikkje løyvd øymerka midlar til dei frivillige organisasjonane som skal nyttast til nye uttrykksformer/tiltak. Ein har dermed ikkje grunnlag for å kunna måla kor stor del av rammen som blir nytta til nye tiltak. |
| <ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre trafikksikringsplanen | I samband med bygging av omkjøringsvegen er det gjort fleire viktige trafikksikringstiltak. Det mest synlege er gang- og sykkelvegen frå Klepp kyrkje til Sørbø. Vi har og kopla saman gang-og sykkelvegnettet på Braut og Kleppe – Verdalen langs Rv 510. Ny rundkjøring i krysset Stasjonsvegen – Engelsvollvegen og gang-sykkelveg langs Engelsvollvegen er og viktige tiltak gjennomførte i 2007. |
| <ul style="list-style-type: none"> Disposisjonsplan Klepp st Kommunedelplan Tjøtta Plan for overordna Grøntstruktur Revidere kommunen sin næringsstrategi | Det er gjennomført ulike fysiske tiltak på Klepp st dei siste par åra, men arbeidet med disposisjonsplanen har ikkje blitt prioritert i 2007. Planprogram vedteke. Planen er lagt ut til høyring Arbeidet har starta opp |
| <ul style="list-style-type: none"> Kartleggja private avløpsanlegg | I spreidd busetnad er nær 40% private reinseanlegg kontrollert. Dette arbeidet skal halda fram i 2008 og gje grunnlag for val av tiltak. |
| <ul style="list-style-type: none"> Følgja opp arbeidet i Aksjon Jærvassdrag | Målingar av vasskvalitet indikerer ei positiv utvikling i Figgjovassdraget. I Orrevassdraget ser ein same tendens, men ikkje like markert. |

Status og vurdering av stoda

Som tabellen under fellesdelen viser, har det vore stor byggjeaktivitet i Klepp. 236 bustader blei tatt i bruk i 2007. Det blei bygt nye einebustader, rekkehus og blokkleiligheter av ulik storleik på Kleppe, Kjøpmannsbrotet, Sørhellet, Klepp st og Tu. Ein vesentleg del av utbygginga er konsentrert busetnad. 41 kommunale einebustadtomter blei lagt ut for sal på Orstadforen del II i slutten av 2007.

Reguleringsplanar - ferdigbehandla i 2007:

- B 23 - Haugabakka vest
- Rv 505 - Foss-Eikeland bru
- Framhaldsskulen B 3 og B 4
- Storhaug barnehage
- Næringsområde N 11 Orstad
- Framhaldsskulen B1 og B2 – endring
- Barnehage/skule – Orstad

I tillegg har det vore arbeidd med fleire planar som ligg ute til høyring/behandling.

Nybygg og tilbygg 2007:

- Horpestad skule og barnehage
- Omsorgsbustader psykiatri trinn II, nybygg
- Storhaug barnehage – nybygg og ombygging
- Bore skule, rehabilitering. Planlegging
- Bore ungdomsskule. Nybygg og rehabilitering. Planlegging
- Kleppheimen – ombygging. Planlegging
- Kleppetunet – ombygging NAV. Planlegging
- Barnehage, Engelsvoll skule. Planlegging.



Frå opninga av det nye tribuneanlegget på Klepp Stadion 7.oktober 2007

| Samferdsel | Eining | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
|------------------------------------------|-----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Kommunale vegar, grus | km | 11,7 | 11,7 | 11,7 | 11,7 |
| Kommunale vegar, asfalt | km | 70 | 70 | 70,6 | 71 |
| Gang- og sykkelvegar | km | 18 | 19 | 19,3 | 21,6 |
| Fortau | km | 10 | 10 | 10,4 | 10,8 |
| <i>Sum</i> | <i>km</i> | <i>109,7</i> | <i>110,7</i> | <i>112</i> | <i>113,5</i> |
| Totale driftsutgifter | Mill. kr | 1,7 | 2,0 | 2,9 | 2,8 |
| Investeringar | Mill. kr | 6,0 | 7,6 | 6,5 | 24,2 |
| <i>Totale driftsutgifter/km</i> | <i>kr/km</i> | <i>15 487</i> | <i>17 786</i> | <i>26 152</i> | <i>24 256</i> |
| Gatelys | km | 110 | 111 | 113 | 115 |
| Totale driftsutgifter | Mill. kr | 1,4 | 2,0 | 2,2 | 2,2 |
| Investeringar | Mill. kr | 0,4 | 0,3 | 0,3 | 0,5 |
| <i>Totale driftsutgifter/km</i> | <i>kr/km</i> | <i>10 645</i> | <i>14 735</i> | <i>19 060</i> | <i>19 253</i> |
| <i>Sum driftskost samferdsel</i> | <i>Mill kr</i> | <i>3,1</i> | <i>4,0</i> | <i>5,1</i> | <i>5,0</i> |
| Vannforsyning | Eining | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| Vassleidningar | km | 174 | 182 | 183,5 | 185,9 |
| Brot på vassleidningar | stk | 8 | 6 | 6 | 7 |
| Vannforbruk | Mill m3 | 2,1 | 2,3 | 2,5 | 2,5 |
| Abonnenter | stk | 4569 | 4679 | 4 900 | 5 023 |
| Vannforbruk/abonment | m3/ab. | 469 | 444 | 505 | 507 |
| <i>Totale kostnader</i> | <i>Mill. kr</i> | <i>8,0</i> | <i>8,1</i> | <i>7,9</i> | <i>8,2</i> |
| Inntekter | Mill. kr | 12,1 | 13,7 | 12,1 | 13,0 |
| Investeringar | Mill. kr | | 0,2 | | 2,3 |
| Sanering og rehabilitering | Mill. kr | 3,1 | 3,0 | 0,1 | 0,5 |
| <i>Totale driftsutgifter/km leidning</i> | <i>kr/km</i> | <i>45 946</i> | <i>44 427</i> | <i>43 066</i> | <i>43 956</i> |
| <i>Totale driftsutgifter/abonment</i> | <i>kr/stk</i> | <i>1 750</i> | <i>1 543</i> | <i>1 613</i> | <i>1 627</i> |
| <i>Bruk / avsetjing – fond</i> | <i>Mill. kr</i> | <i>-1,0</i> | <i>-3,1</i> | <i>-4,1</i> | <i>-4,3</i> |
| Avløp | Eining | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| Kloakkledning | km | 100 | 101,0 | 104,3 | 106,6 |
| Pumpeledning | km | 25,3 | 25,3 | 26,3 | 26,6 |
| Felles leidningar | km | 3,9 | 3,5 | 3,5 | 3,3 |
| Overvann | km | 74,2 | 75,0 | 78,2 | 82,2 |
| Sum km | km | 203,4 | 204,0 | 212,3 | 218,7 |
| Abonnenter | stk | 4021,0 | 4184,0 | 4430,0 | 4540,8 |
| Pumpestasjonar | stk | 43 | 43 | 44,0 | 46,0 |
| <i>Totale driftsutgifter</i> | <i>Mill. kr</i> | <i>7,7</i> | <i>7,4</i> | <i>7,8</i> | <i>8,5</i> |
| Inntekter | Mill. kr | 9,9 | 12,6 | 11,7 | 12,7 |
| Investeringar | Mill. kr | | 0,6 | 3,1 | 1,5 |
| Sanering og rehabilitering | Mill. kr | 3,0 | 1,8 | 1,6 | 3,3 |
| <i>Totale driftsutgifter/km leidning</i> | <i>kr/km</i> | <i>34 446</i> | <i>36 411</i> | <i>36 911</i> | <i>38 668</i> |
| <i>Totale driftsutgifter/abonment</i> | <i>kr/stk</i> | <i>1 924</i> | <i>1 775</i> | <i>1 769</i> | <i>1 862</i> |
| <i>Bruk / avsetjing - fond</i> | <i>Mill. kr</i> | <i>0,9</i> | <i>-3,7</i> | <i>-2,5</i> | <i>-0,9</i> |
| Renovasjon | Eining | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 |
| Hushaldningsavfall | Tonn | 1 860 | 1 893 | 2 133 | 1 365 |
| Våtorganisk avfall | Tonn | 1 362 | 1 149 | 1 056 | 1 537 |
| Papir, papp og drikkekartong | Tonn | 983 | 1 111 | 1 095 | 1 157 |
| Drikkekartong | Tonn | 17 | 21 | 23 | |
| Glas/metall | Tonn | 81 | 69 | 83 | 102 |
| Plast | Tonn | 23 | 27 | 50 | 155 |
| EE avfall | Tonn | 129 | 159 | 238 | |
| Kuldemøbler | Stk | 630 | 684 | | |
| <i>Totalt</i> | <i>Tonn</i> | <i>4 455</i> | <i>4 463</i> | <i>4 678</i> | <i>4 316</i> |
| Abonnentar | Stk | 4 664 | 4 717 | 4 938 | 5 061 |
| Totale driftsutgifter | Mill. kr | 8,2 | 8,2 | 8,8 | 9,5 |
| Inntekter | Mill. kr | 7,8 | 8,7 | 9,1 | 9,7 |
| <i>Totale driftsutgifter/abonment</i> | <i>kr/stk</i> | <i>1 748</i> | <i>1 734</i> | <i>1 784</i> | <i>1 878</i> |
| <i>Bruk/avsetjing - fond</i> | <i>Mill. kr</i> | <i>0,4</i> | <i>-0,5</i> | <i>-0,2</i> | <i>-0,2</i> |

Utfordringer framover:

- Gjennomføra planarbeid og kommunale byggjetiltak i samsvar med årsplan for 2008
- Best mulig vedlikehold av kommunale bygg, bustader og uteareal innanfor tildelt ressursramme
- Gjennomføra trafikksikringstiltak i samsvar med plan og ressursramme
- Vurdera om det er rom for å auka tilskota til frivillige organisasjonar
- Vurdera kulturbygg i samband med sentrumsplanen for Kleppe
- Halda fram arbeidet med å sanera eldre avløpsnett og skifta ut asbestementleidningar
- Bygging av gang- og sykkelveg frå Pollestad til Salteskogen
- Kloakking på Braut
- Renovering på hovudkloakken mellom Grude og Bore reinseanlegg



Frå omkjøringsvegen



| Utvalgte Kostrattall 2007 Lokal utvikling | 1120 | 1120 | 1120 | 1121 | Gj.snitt | | Gj.snitt |
|------------------------------------------------------------------------------------|-------|-------|-------|------|----------|-----------|-------------|
| | Klepp | Klepp | Klepp | Time | 1119 Hå | kommune | landet |
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2007 | 2007 | gruppe 07 | utenom Oslo |
| VAR | | | | | | | |
| Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1) | 1065 | 1005 | 1005 | 1065 | 1000 | 1952 | 2330 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) | 1440 | 1380 | 1380 | 1755 | 1750 | 2726 | 2723 |
| Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) | 1654 | 1654 | 1654 | 1760 | 2280 | 1887 | 2032 |
| Årsgebyr for feiing (rapporteringsår + 1) | 125 | 125 | 130 | 135 | 183 | 293 | 297 |
| Kultur | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner | 1299 | 1244 | 1473 | 1354 | 1635 | 1107 | 1457 |
| Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger | 196 | 210 | 209 | 222 | 278 | 203 | 242 |
| Samferdsel | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsel i alt | 414 | 411 | 509 | 545 | 531 | 552 | 664 |
| Gang- og sykkelvei i km som er et kommunalt ansvar pr. 10 000 innb. | 10 | 11 | 11 | 19 | 35 | 16 | 14 |
| Byggesak | | | | | | | |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager) | 29 | 30 | 30 | 30 | 21 | 39 | 35 |
| Antall utstedte målebrev siste år per 1000 eiendommer i kommunen | 35 | 22 | 20 | 20 | 18 | 16 | 15 |
| Antall søknader om tiltak mottatt siste år per 10 000 årsinnbygger i kommunen | 191 | 268 | 240 | 139 | 139 | 146 | 138 |
| Husbankmidler videregitt av kommunen | | | | | | | |
| Antall nye boliger godkjent for finansiering av Husbanken, per 1000 innbyggere | 4 | 10,4 | 3 | 0,2 | 4,3 | 1,4 | 1,3 |
| Energibruk | | | | | | | |
| Kommunale utgifter til fyring og belysning. | 6712 | 7209 | 7022 | 8138 | 10369 | 7572 | 7469 |
| Rekreasjon og friluftsliv | | | | | | | |
| Turstier og løyper tilrettelagt for sommerbruk per 10 000 innbygger | 13 | 12 | 12 | 30 | 27 | 67 | 82 |
| Samlet lengde av turveier, turstier og skilløyper (km) | 19 | 19 | 19 | 46 | 41 | .. | .. |
| Landbruksjord | | | | | | | |
| Dyrket og dyrkbar jord godkj. omdisp. etter jordloven og etter plan- og bygn.loven | 172 | 139 | 122 | 214 | 88 | 57 | 38 |



Den norske kyrkja

**KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD****HOVUDPUNKT:**

- **Normalt driftsår med stram økonomi**
- **Rekneskap i balanse**
- **Byggestart Frøyland/Orstad kyrkje**
- **Godt vedlikehald på kyrkjegardane**
- **Vedlikehaldet på kyrkjene må styrkast**



Klepp kyrkje

Generelt

Året 2007 har vore eit svært aktivt år for kyrkjene i Klepp og medlemstalet har vore stabilt. I 2007 var det 206 gudstenester. Av desse var 150 i kyrkjene, dei andre var på Engelsvoll skule og i samfunnshuset på Frøyland. I løpet av ein månad, utanom sommarferien, var det 14 gudstenester i Klepp sokna. I løpet av 2007 har det vore 221 døypte, 254 konfirmantar, 59 vigslar og 72 gravferder. Desse tala viser at mange søker til kyrkjene og til samlingane. Utanom vigsel og gravferd har det vore omlag 21000 personar til gudstenester. Det er omlag 750 frivillige som er med på å arrangera alt frå gudstenester til dugnad av ymse slag. Totalt er det 4,9 årsverk tilsette på innsamla midlar. I 2007 hadde Klepp kyrkjelege fellestråd 6 møter. Det vart i alt handsama 46 saker. Hilde Kraggerud vart i haust valt til kommunen sin representant i fellestrådet etter Ruth Thu.

Administrasjonen/staben

I staben på kyrkjekontoret har det dette året vore ein del endringar. Fellestrådet har tilsett ny kyrkjevevje. Per Gaute Liland tok over etter Johannes Byberg som pensjonerte seg. Ketil Terning vart tilsett som kyrkjetenar etter Mildar Time som også pensjonerte seg. Ingelin Hatteland Norbakken har blitt tilsett som diakon i 50% stilling. Ho skal vere vikar for Kjellaug Marie Steinskog, som skal ha eit års permisjon. Maria Johansen begynte som eittåring. Hein Steinskog slutta etter over 30 år som prest og Åsmund Steinnes begynte som sokneprest i Bore. I Orre sokn begynte Jarle Minnesjord dette året som prest. I staben på Frøyland og Orstad har det også vore nokre endringar. Hildegunn Undheim, barne- og ungdomsarbeidar, tok over etter Helga Fykse, som har slutta. Marie Grastveit, adm.leiar, tok over etter Oddny Hetland som har slutta. Arnt Askildsen begynte som sokneprest etter Morgan Fjelde, som slutta. Anders Ueland har begynt som eittåring og Steinar Severson begynte som sivilarbeidar.

Barnarbeidet

Dåpsskule er eit tilbod som blir gitt til 6-7 åringar i Klepp-sokna. Kvar samling har eit tema som går igjen i bibelforteljing og aktivitet. Målet er at borna skal lære meir om Gud og kva dei er døypte til. Opplegget har som byggjesteinar dei fire orda: sjå, gjere, høyre og smake. Kvar samling har aktivitetar knyta til desse fire stikkorda. I 2007 hadde vi dåpsskule for Bore og Vasshus, Tu og Horpestad, Orre, Engelsvoll og før jul for Kleppe. Til saman deltok 73 born på dåpsskule.

Konfirmant- og ungdomsarbeidet

I "konfirmantåret" 2006/2007 blei det konfirmert 254 konfirmantar i heile Klepp prestegjeld. Dette er 83 % av alle døypte 14-åringar. Det blei arrangert 5 konfirmanthelger og 11 konfirmasjons- gudstenester. I Frøyland og Orstad er det eit eige ungdomsarbeid kalla Fokus og på desse møta/ gudstenestene kjem i snitt 100 ungdommar. På Klepp er det leiartreningskurset Klekk, for fjorårs-konfirmantar. Her er det med 25 personar. Det er mange leiarar med i konfirmantarbeidet, og totalt var det 40 leiarar som deltok i leiartenesta i løpet av året. Tre gonger i haust arrangerte vi "godhetsdager", der ungdommar reiste heim til folk og hjelpte dei med det dei måtte trenge, heilt gratis.

Diakonalt arbeid

Ein gong i månaden har diakonen ansvar for "torsdagstreffen" for menneske med utviklingshemming. Her er stabilt oppmøte og dette er eit særst viktig tiltak. Omsorg-/samtalerupper til etterletne og sørgjande vert drive som tidlegare år i samarbeid mellom kommune Time, Hå, Sola og Sandnes. Tilboda til dei eldre er månadlege møter på Kleppetun, eldrefest og eldretur ein gong i året og andaktar på institusjonane. Kvart år arrangerer diakoniatvalet temakveld, i år med forfattar Edvard Hoem. Bønearbeidet held fram som tidlegare blant enkeltpersonar og i grupper. Den årlege fasteaksjonen er eit samarbeid mellom diakon, kateket og kyrkjelydane. I kyrkjelydane er det tilbod om fellesskapsrupper/husfellesskap. Diakonen var også med også på nokre gudstenester dette året.

Bore sokn

Aktiviteten i Bore sokn er stor. Det er mykje som skjer og mykje som blir lagt merke til. Aktivitetar som er verdt å nemna er det populære arrangementet "Kulturkvelds". Det er eit arrangement med stor oppslutnad og som gjer kyrkja kjent utover soknegrensene. I 2007 hadde "Kulturkvelds" besøk av fleire lokale kjente aktørar, mellom anna Jæren symfoniorkester. I soknet vert det arbeida med å få utvida kapasiteten til Bore kyrkje. Det er for få sitjeplassar og det vert planlagt ei utvidinga av kyrkja og eit påbygg i forlenginga av inngangspartiet. I 2007 blei det utarbeida planar for dette, men det, er ein prosess som tar lang tid og planlegginga held fram i 2008. I mellomtida planlegg ein overføring av lyd og bilete frå kyrkjosal til kyrkjelydsalen. Utsletne trekk på stolar og benkeputer i kyrkjosal vart skifta ut med nye trekk dette året.



Bore kyrkje med Figgjoelva i forgrunnen

Frøyland og Orstad sokn

2007 har vore eit innhaldsrikt år for kyrkjelyden på Frøyland og Orstad. Konfirmasjonsudstenesta i Frøyhallen var eit høgdepunkt med over 1200 feststemte menneske. Arbeidet blant tenåringar og ungdommar er med og set dagsorden i bygda. Det er oppmuntrande å sjå korleis arbeidet som er felles for begge kommunane er med på å sveise saman ungdommane. Gudstenestedeltakinga er merka av kapasiteten på samfunnshuset. Der er det stor frivillig innsats, både blant ungdommar og vaksne. Kyrkjelyden er også i gang med kyrkjebygging. Gravearbeidet kom skikkeleg

i gang på vårparten. I september starta betongarbeidet og byggjekrana vart eit synleg teikn over heile bygda på at arbeidet var i gang. Kyrkjelyden har ansvar for ein vesentleg del av finansieringa. Målet for 2007 var sett til kr 1,5 mill. Sluttsammen vart over kr 1,6 mill. Det er til nå totalt samla inn over kr 6,5 mill. I november vart alle husstandane i området besøkte med oppfordring om å vere med på å byggje kyrkje, med praktisk arbeid så vel som med økonomiske midlar. Dette var med å prega innsamlingsresultatet for året. Det er nå meir enn 200 namn på lista over folk som er klar til å være med på praktisk kyrkjebygging.

Klepp sokn

Arbeidet med kyrkjelydsalen vart ferdig og arbeidet med oppussing av kjellarroma under kyrkjelyd- salen held fram med mykje dugnadsarbeid. Det er mange aktivitetar i Klepp sokn. Det har ført til at Klepp sokneråd har fått på plass ein eittåring som jobbar mot born og unge i kyrkjelyden. I Klepp kyrkje driv ein med barnarbeid parallelt med gudstenestene. Det er eit ynskje at dei største borna kan få nytta dei ny-oppussa romma i kjellaren. I Klepp sokn er det behov for ny kyrkje. Ved fleire ulike arrangement viser det seg at kyrkja er for liten. Det er derfor lagt planar om å byggje ei ny kyrkje i soknet. Det inneber også ny gravplass. Ein eigen komite arbeidar med å skaffe høveleg tomt.

Klepp stasjon Kyrkjelyd

Klepp stasjon kyrkjelyd vert kalla ein områdekyrkjelyd i Klepp sokn. Gudstenesta og cellegruppene er dei berande elementa. I dag er det 45 personar med i dei 6 gruppene, og annankvar søndag samlast nå i snitt 90 personar til gudseneste på Engelsvoll skule. Mange er involverte i førebuing og gjennomføring av gudstenestene. Kraftgjengen har mellom 40 og 50 born på borna si gudseneste. Ved å vere sjølvfinansiert får folk dei ei sterk eigar kjensle til kyrkjelyden. Ved byrjinga av året var startkapitalen som var bygd opp med hjelp av Frøyand og Orstad Kyrkjelyd og Det Norske Misjonsselskap, brukt opp.

Gjevartenesta er nå komen opp på eit nivå som gjer at rekneskapet går i balanse i 2007. Stasjonsbygningen er kyrkjelyden sitt kontor og samlingsstad. Nytt i år var at vi også leiger stasjonsmeisterhusværet i 2. etasje og her er det nå eit kristent bufellesskap for studentar.

Orre sokn

Orre kyrkje har ikkje kyrkjelydsal og det har difor blitt kjøpt inn 40 stolar og 6 bord som står bak i kyrkja der dei to bakarste benkene er tatt ut. Soknerådet i Orre har lenge peika på at lydanlegget og kyrkjeorgelet i Orre er i dårleg stand. Lydanlegget fell heilt ut til tider. Ein komite jobbar med å få støtte og finansiering til eit nytt lydanlegg. Nytt orgel tek lengre tid å få på plass, men det jobbast for at også dette skal bli realisert. Orre sokn har også fått tildelt ein kyrkjelydsprestestilling i 50 %, basert på gjevartenesta i sokna Klepp, Bore og Orre. Denne prestestillinga har først og fremst arbeidet retta mot gudstenester og konfirmantar i Orre. Det har også i løpet av 2007 blitt starta opp eit barnekor i Orre. Orre gamle kyrkje forfell både utvendig og innvendig. Behovet er stort for å renovere kyrkja. I haust har det vore synfaring i kyrkja der representantar både frå bispedømme, riksantikvar, museum, kommune og handverkarar har tatt del. For det vidare arbeidet med renoveringa er det utarbeida tilstandskartlegging og restaureringsplan med kalkyle.

Økonomi

Året 2007 har vore å rekna som eit normalt driftsår med stram økonomi. Vedlikehaldet av kyrkjene har også dette året vore prioritert i den grad økonomien har gitt rom for dette. Kyrkjene treng meir omfattande utvendig vedlikehald og det må setjast av pengar til dette i neste budsjett. Kyrkjegardane er godt vedlikehaldne. Rekneskapet for 2007 er enno ikkje ferdig, men driftsresultatet for fellesrådet ser ut til å bli omlag kr 0.

Klepp kyrkjelege fellesråd, 14.02.2008

Alf M Anda
leiar fellesrådet

Per Gaute Liland
kyrkjeverje

| KOSTRA-tal kyrkja | 1120 | 1120 | 1120 | 1121 | Gj.snitt | | Gj.snitt |
|-----------------------------------------------------------------------|-------|-------|-------|------|----------|-----------|----------|
| | Klepp | Klepp | Klepp | Time | 1119 Hå | kommune | landet |
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2007 | 2007 | gruppe 07 | utenom |
| | | | | | | | Oslo |
| | | | | | | | 2007 |
| Prioritering | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner | 322 | 329 | 348 | 340 | 445 | 358 | 455 |
| Netto driftsutg. til funksjon 390,393 i % av samlede netto driftsutg. | 1,3 | 1,3 | 1,2 | 1,2 | 1,5 | 1,3 | 1,4 |
| Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger | 251 | 52 | 38 | 217 | 12 | 120 | 145 |
| Produktivitet | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 390, 393 pr.innbygger i kroner | 322 | 329 | 348 | 352 | 445 | 365 | 469 |
| Utdypende tjenesteindikatorer | | | | | | | |
| Medlem av Dnk i prosent av antall innbyggere | 89,8 | 87,1 | 85,6 | 86,3 | 89 | 85,3 | 84,3 |
| Døpte i prosent av antall fødte | 90,4 | 91,6 | 92,1 | 69,7 | 102,8 | 80,9 | 80 |
| Konfirmerte i prosent av 15-åringer | 77,4 | 95,3 | 86,1 | 60,5 | 86,6 | 66,4 | 68,5 |
| Kirkelige gravferder i prosent av antall døde | .. | 96,3 | 92,3 | 101 | 104,2 | 97,7 | 93 |
| Kirkelige handlinger pr. 1000 medlem | .. | 44 | 45 | 35 | 47 | 34 | 35 |
| Deltakelse, gudstjenester søn- og helligdag pr. innbygger | 1,5 | 1,8 | 1,7 | 1,6 | 2,3 | 1,3 | 1,2 |
| Gudstjenester pr. 1000 innbygger | .. | 14 | 13 | 13 | 14 | 11 | 15 |
| Konserter og kulturarrangementer pr. 1000 innbygger | .. | 0,5 | 0,7 | 0,7 | 0,8 | 1 | 1,6 |
| Kirkeofringer pr. medlem | .. | 138 | 171 | 139 | 131 | 58 | 64 |



Kleppe kyrkje

Til
Kommunestyret i Klepp kommune

Kopi: Kontrollutvalget
Formannskapet
Rådmannen

REVISJONSBERETNING FOR 2007

Vi har revidert årsregnskapet for Klepp kommune for regnskapsåret 2007, der driftsregnskapet viser kr 418.624.580 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 0. Vi har også revidert de budsjetvedtak og disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet. Videre har vi revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet. Årsregnskapet består av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter, noteopplysninger og pliktige budsjettopplysninger. Kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsregnskap og årsberetning og god kommunal regnskapskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av kommunens fagsjef for regnskap og årsberetningen er avgitt av administrasjonssjefen. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneloven og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.


Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå botryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god kommunal revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av kommunens økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for kommunens økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god kommunal regnskapskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Stavanger, 31. mars 2008

Deloitte AS



Svein Sivertsen

Statsautorisert revisor